

Utval: Fylkestinget
Møtestad: Grand Hotel Terminus, Bergen
Dato: 12.12.2017 kl. 11.00-17.50
 13.12.2017 kl. 09.00-17.15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer	
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A	Møtte 12.12.
Pål Kårbø	Fylkesvaraordførar	KrF	Møteleiar 13.12.
Siri Klokkestuen	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A	Møtte 12.12.
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Helge Nævdal	Medlem	A	
Espen Berntsen	Medlem	A	
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Åse Gunn Husebø	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Kjetil Hestad	Medlem	A	Møtte 12.12.
Gro Berge	Medlem	A	
Roald Stenseide	Medlem	Frp	
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp	
Gustav Bahus	Medlem	Frp	
Gunnar Bakke	Medlem	Frp	12.12: Gjekk kl. 14.00
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp	
Rosalind Fosse	Medlem	Frp	
Anita Garlid Johannessen	Medlem	Frp	
Mona Louise Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Nils Marton Aadland	Medlem	H	13.12: Gjekk kl. 14.15
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Olav Kvinge	Medlem	H	
Iiril Kirstine Schau Johansen	Medlem	H	12.12: Gjekk kl. 16.00
Dan Femoen	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	
May Eva Sandvik	Medlem	H	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	
Beate Husa	Medlem	KrF	
Tor André Ljosland	Medlem	KrF	
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	13.12: Gjekk kl. 17.05
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	Møtte 12.12.
Benthe Enes Bondhus	Medlem	Sp	
Jon Askeland	Medlem	Sp	

Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	Sp	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	Møtte 12.12.
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV	
Anne Beth Njærheim	Medlem	V	
Geir Kjell Andersland	Medlem	V	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Reprenter
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A
Ragnhild Hus Fagerbakke	Medlem	H
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Terje Kollbotn	Medlem	R

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Reprenter
Kari Foseid Aakre	Mari Klokkestuen Kjellesvik	A Møtte 12. og 13.12.
Torgeir Toppe	Synnøve Solbakken	A Møtte 12. og 13.12.
Øyvind Hardeland	Gunn Berit Lunde Aarvik	A Møtte 12. og 13.12.
Christer Lilleskare Olsen	Ragnhild Hus Fagerbakke	H Møtte 12. og 13.12.
Neshe Lie	John Helge Gullaksen	H Møtte 12. og 13.12.
Arild Borgen	Terje Kollbotn	R Møtte 12. og 13.12. 13.12: Gjekk kl. 15.55
Kristian Helland	Tor André Ljosland	KrF 12.12: I sak 107/17
Christoffer Thomsen	Gunnar Bakke	Frp 12.12: Kom kl. 14.00
Christoffer Thomsen	Roald Stenseide	Frp 13.12: I sak 110/17
Gunnar Moland	Iiril Schau Johansen	H 12.12: Kom kl. 16.00
Gunnar Moland	Nils Marton Aadland	H 13.12: Kom kl. 14.15
Gunnar Moland	Mona Røsvik Strømme	H 12.12: I sak 107/17
Gunnar Moland	Stein Inge Ryssdal	H 13.12: I sak 122/17
Jannicke Bergesen Clarke	Anne Gine Hestetun	A Møtte 13.12.
Shirin Kvernes Khadoor	Emil Gadolin	A Møtte 13.12.
Dag Rune Mo	Kjetil Hestad	A Møtte 13.12.
Nils Anders Nøttseter	Øyvind Strømme	MDG Møtte 13.12.
Einar Horvei	Aud Karin Oen	SV Møtte 13.12.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør
Rolf Rosenlund	Stabsleiar samferdselsavdelinga
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrud Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Kari Elisabeth Hole	Spesialkonsulent innkjøpsseksjonen

Jan Erik Angelskår
Bjarte Brask Eriksen
Gro Stien Thorvaldsen

Rådgjevar lokasjonsdrift, IT-seksjonen
Seniorrådgjevar kommunikasjonsrådgjeving
Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Anne Gine Hestetun

Kari Sørensen Bernardini

Stein Inge Ryssdal

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 103/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 104/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 11/17	Tilleggsdokument i saka om elevinspektørordninga	2017/15888	
RS 12/17	Tilleggsnotat til sak om elevinspektørordninga i administrasjonsutvalet 08.11.17	2017/15888	
RS 13/17	Namneendring - Sørvest Bomvegselskap AS	2016/34293	
RS 14/17	Næringsretta partnarskamsmidlar 2018-2020 - Følgjesak til Fylkesrådmann sitt forslag til budsjett 2018.	2017/16683	
RS 15/17	Miljøkrav på kommersielle ruteløyve - Uttale	2017/16059	
RS 16/17	Vedr. Hardangerruta	2017/1388	
RS 17/17	Bønesbussen må få trase også over Danmarks plass	2017/278	
PS 105/17	Årsbudsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021	2017/4411	
PS 106/17	Handlingsprogram 2018-2021. Kollektivstrategi for Hordaland	2014/278	
PS 107/17	Bybanen - vurdering av drift i eigen regi	2015/8900	
PS 108/17	Handlingsprogram Miljøløftet 2018 - 21	2017/16982	
PS 109/17	Handlingsprogram 2018-23 (2029) til Nasjonal transportplan - Høyringsfråsegn	2017/16134	
PS 110/17	Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018-2029 til Regional transportplan Hordaland 2018-2029	2017/4336	
PS 111/17	Fv570 Masfjordsambandet	2015/5147	
PS 112/17	Høyringsuttale - Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021	2014/13889	
PS 113/17	Elevinspektørordninga ved dei vidaregåande skulane	2017/15888	
PS 114/17	Vurdering av behov for forlenging av prosjektperioden - prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»	2017/1228	
PS 115/17	Mobbeombod og Elev- og lærlingombod - framtidig organisering	2017/16312	
PS 116/17	Vurdering av framtidig behov for produksjonsskular	2016/6854	
PS 117/17	Endringar i lokal forskrift om inntak og formidling	2015/10391	
PS 118/17	Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2016/17	2017/1537	

PS 119/17	Eigarstrategi - overordna strategi for Hordaland fylkeskommunes eigarstyring	2017/17062
PS 120/17	Nye Åsane VGS og Kulturhus - Forprosjekt	2014/12111
PS 121/17	Garantiar for bompengeprojekt som skal overførast til Sørvest Bomvegselskap AS	2016/34293
PS 122/17	Sal av aksjar i bompengeselskap i Hordaland	2017/16602
PS 123/17	Godkjenning av prosjektrekneskap Osterøy vgs - nybygg	2015/12709
PS 124/17	Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025.Handlingsprogram 2018.	2017/17129
PS 125/17	Klimaplanen sitt handlingsprogram 2018	2017/14885
PS 126/17	Lovlegkontroll av vedtak fatta i fylkestinget sak 87/17	2017/1229
PS 127/17	Yrkesopplæringsnemnda - val av lærlingerepresentant og vara	2017/732
PS 128/17	Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Solbjørg H. K. Marjala	2017/732
PS 129/17	Interpellasjonar/spørsmål	
PS 130/17	Ymse	
PS 131/17	Samarbeidande kraftfylke - val til kandidatar til styreleiarverv og representantar til årsmøte	2017/732
PS 132/17	Innspel på kandidatar til hovudstyret i Innovasjon Norge	2014/13720
PS 133/17	Forslag til endring i vassforskrifta og naturmangfoldlova - fråsegn	2017/15974

PS 103/17 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Benthe Bondhus (Sp) gjorde merksam på at det i sak 109/17 var ein feil i røystinga frå fylkesutvalet. Dette gjeld punkt 2.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend.

Saklista vart godkjend med merknaden ovanfor.

PS 104/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Vedtak

Referatsakene 11-15/17 vart refererte.

PS 105/17 Årsbudsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021

Forslag til innstilling

1. a) Investeringsbudsjettet for 2018 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	930 500
Tilskot og refusjonar m.m.	1 496 700
Salsinntekter	85 000
Bruk av avsetjingar	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	70 000
SUM INNTEKTER	2 587 200

Disponert slik:

Bybaneutbygging	620 000
Fylkesveggar	1 146 600
Andre samferdselsføremål	176 600
Kultur	3 000
Tannhelse	25 000
Opplæring	582 000
Fellesfunksjonar	29 000
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	2 582 200

Eigenkapitalinnskot KLP	5 000
SAMLA FINANSIERINGSBEHOV	2 587 200

b) Driftsbudsjettet for 2018 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)	6 477 415
Finansutgifter	netto 796 500
Avsetjingar	25 000
Til finansiering av utg. i investeringsbud.	70 000
TIL FORDELING DRIFT	5 585 915

Fordelt slik:

Politiske organ, kontrollorg. og fylkesrådm.	netto 59 055
Økonomi- og organisasjonsavd.	netto 184 384
Eigedom	netto 276 600
Regional utvikling	netto 97 100
Samferdsel	netto 1 953 600
Kultur og idrett	netto 211 300
Tannhelse	netto 210 300
Opplæring	netto 2 597 656
Fellesfunksjonar	netto -24 514
FORDELTE PÅ SEKTORANE	netto 5 565 481

Tilleggsøyvingskonto	1 734
Lønsavsetjing	18 700
TIL SEINARE FORDELING	20 434

2. Låneopptak

Fylkestinget godkjenner låneopptak på 930,5 mill. kr.

3. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr	81 720
Stønad pr. representant i gruppa	kr	45 890
Frikjøp pr. representant	kr	44 920

4. Kollektivtakstane

Takstane for buss, bane og båt vert auka med i gjennomsnitt 2,5 %, slik det går fram av budsjettheftet s. 80-81.

Ferjetakstane vert auka med 5 %.

5. Etne vidaregåande skule/Skakkesenteret

Under føresetnad av at Etne kommune og Hordaland fylkeskommune vert einige om ein avtale, godkjenner fylkestinget at gjenkjøpsavtalen knytt til HFK sin eigardel av Skakkesenteret vert sagt opp.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle slik avtale med Etne kommune i samsvar med det som går fram av budsjettokumentet. Framforhandla avtale skal godkjennast av fylkestinget.

6. C-tannlegeordninga – avvikling

Fylkestinget viser til vedtak i fylkesutvalsak 268/2001 om oppretting av ordning for C-tannlegar og godkjenner at denne ordninga vert avvikla.

Økonomiplanen for 2018-2021

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.11.2017

Emil Gadolin (A) sette fram fylgjande forslag:

«Utval for opplæring og helse tek saka til orientering.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Utval for opplæring og helse tek saka til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.11.2017

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette på vegner av A, KrF, Sp, og SV fram slikt forslag:

«Alternativt forslag:

Utval for miljø og samferdsel tek framlegget til budsjett frå rådmannen til vitande. Partia kjem tilbake til endringar og handsaming i fylkesutvalet sitt møte 22. og 23. november.»

Røysting

Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

Utval for miljø og samferdsel tek framlegget til budsjett frå rådmannen til vitande. Partia kjem tilbake til endringar og handsaming i fylkesutvalet sitt møte 22. og 23. november.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 15.11.2017

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av utvalet:

« Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek framlegg i budsjett 2018 til orientering. Partia kjem tilbake til endringar og handsaming i Fylkesutvalet sitt møte.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Innstilling

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek framlegg i budsjett 2018 til orientering. Partia kjem tilbake til endringar og handsaming i Fylkesutvalet sitt møte.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22. og 23.11.2017

Pål Kårbø (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp og SV fram slikt forslag:

«FYLKESBUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2019-2021

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

Hordaland fylkeskommune har ein krevjande økonomisk situasjon. Samarbeidspartia vil søkja gode løysingar gjennom omprioriteringar innan gjeldande budsjett, samt samarbeida med sentrale styresmakter for å auka løyvingane til offentlige velferdstenester, kulturliv, trygge arbeidsplassar og ein bærekraftig infrastruktur.

Det er ei nasjonal målsetting om å redusera utslepp av klimafarlege gassar frå transportsektoren og å styrkja miljøtiltak. Samarbeidspartia vil understreka at sentrale myndigheiter må ta eit større ansvar for kostnadane knytt til dette arbeidet enn det som vert gjort i dag dersom ein skal nå målsettingane.

Hordaland har eit betydelig etterslep på vedlikehald og rassikring av fylkesvegar som aukar for kvart år og pr. d.d.er kostnadsrekna til 7,3 milliardar kr på vegane. Samarbeidspartia vil understreka denne alvorlige situasjonen. Dersom ein skal unngå at etterslepet kjem ut av kontroll må det øyremerkast betydelige beløp til dette arbeidet gjennom statsbudsjetta i åra som kjem. Rassikring, vedlikehald og opprusting av fylkesvegar, bruar og tunellar må ha prioritet.

For å kunne gjennomføre tiltaka i budsjettet, krev det god styring og kontroll av den fylkeskommunale økonomien. Budsjettet for 2018 og økonomiplanen 2019-2021 vil styrkja arbeidet med å skapa ei trygg og bærekraftig utvikling og sikra gode tenestetilbod for innbyggjarane i eit førebyggjande og helsefremjande perspektiv. Omstillingsarbeidet må halda fram og det skal leggjast til rette for god dialog mellom leiing, tillitsvalde, tilsette og folkevalde.

Samarbeidspartia gjer endringar i drifta for til saman kr 55 890 000 og dette vert finansiert gjennom auka anslag på inntekter og effektivisering av drift.

Det vert gjort endringar i investeringsbudsjettet med 45 000 000 ved at det vert flytta pengar frå tunellvedlikehald til veg og ved at det vert nytta 5 millionar frå disposisjonsfondet.

AUKA AKTIVITET OG DRIFT

SAMFERDSEL

Trygg skuleveg og punktutbetring

Det vert nytta 20 000 000 ekstra til legging av meir asfaltdekke og trygg skuleveg.

Kollektiv

Det vert gjennomført takstfrys for ungdomskortet og for periodekort for barn. Ordninga med utviding av ungdomskortet for ungdom mellom 20 og 21 år vert vidareført. Desse tiltaka har ein samla kostnad på 12 400 000.

Det vert løyvd 1 500 000 ekstra til auka kollektivtilbod/båt i Nordhordland, 1 500 000 til fleire ekspressbussar mellom Sotra og Bergen, og 2 000 000 til auka kollektivtilbod i Sunnhordland/Hardanger/Voss. I tillegg vert det løyvd 5 000 000 til auka ruteproduksjon i Bergen, som tilsvarar om lag 500 daglege avgangar.

Som ei oppfølging av strategiplan båt vert det løyvd 500 000 til ytterlegare utgreiing.

Miljø

Fylkestinget ser at forureining av plast i havet og fjære er eit aukande miljøproblem som gjev store skader på natur og dyreliv og det vert sett av 1 000 000 til plastopprydding, disponert av friluftsråda på same måte som tildelinga i 2017.

OPPLÆRING OG HELSE

Skulefrukost

Fylkestinget si målsetting om at alle elevar skal få eit næringsrikt måltid i løpet av skuledagen har fått veldig god mottaking og er eit godt helsefremjande tiltak. Ordninga vert trappa ytterlegare opp med 2 500 000 ekstra.

Læremidlar

Fylkestinget løyver 4 000 000 til fornying av læremidlar for yrkesfaga og dette skal vera ei søkbar ordning.

Musikkfag

Fylkestinget løyver 500 000 til å utvida musikktilbodet på Langhaugen, på grunn av aukande interesse for å ta vidaregåande utdanning med musikkfag.

Helsehjelp til flyktningar

Fylkestinget vil bidra til å styrkja det friviljuge arbeidet som helsepersonell utfører for å gje helsehjelp til papirlause flyktningar med 300 000 kr.

MOT

MOT som haldningsskapande program i vidaregåande skule er positivt. Fylkestinget ber om at det vert greidd ut i ei eiga sak kva kostnaden er med MOT i den vidaregåande skulen, kor mange MOT-skular vi har og korleis dette arbeidet vert følgt opp.

KULTUR

Fylkestinget meiner tilskot til kulturaktivitetar er viktige for å stimulera til auka friviljug aktivitet og det vert løyvd nokre mindre tilskudd til viktige institusjonar og tiltak.

Tilskot til NMF og søkbar pott elitekorps

Fylkestinget gjev ei ekstraløyving til NMF Hordaland som det største korpsfylket i landet i høve 100-årsjubileum for NMF. I tillegg etablerar fylkestinget ei ny ordning med ein søkbar pott på kroner 300 000 som skal nyttast til elitekorpsa innan brass og janitsjar i Hordaland.

Lågterskel fysisk aktivitetstilbod for barn og ungdom

Fylkestinget løyver 300 000 til eit slikt tilbod.

Cornertateret

Fylkestinget aukar tilskotet med 100 000.

Vestnorsk filmsenter

Fylkestinget aukar tilskotet med 100 000.

Tilskot «Fjordsteam" 2018

Det vert løyvd 400 000 til veteranbåtarrangementet «Fjordsteam 2018» som blir den største folkefesten i Bergen og Hordaland i 2018 i perioden 1. - 5. august.

INVESTERINGAR

Samferdsel

Grunna stort etterslep på investeringar på fylkesvegnettet vert det omprioritert 40 millionar av fylket sin andel til tunnellsikring. Denne prioriteringa vert gjort for å sikra heilt naudsynte investeringar på fylkesvegane. Samarbeidspartia vil understreka at staten må ta eit større ansvar for etterslepet på vedlikehald, investeringar og tunell- og brusikring.

Kultur

Fylkestinget vil medverka til at Carte Blanche/ BitTeatergarasjen får tilgong til øvingslokale og scene og vil gå i dialog med Bergen kommune og Stortinget for å finne ei løysing. Prosjektet vil krevja investeringsmidlar langt utover det fylkeskommunen har til disposisjon, staten må her ta sitt eigaransvar på 70%. Det vert løyvd 5 000 000 til dette arbeidet i 2018.

VERBALPUNKT

Lærlingråd

Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak om å etablere eit lærlingråd etter modell frå Sør-Trøndelag. Elev- og lærlingeombodet bør vera sentralt i prosessen, og bør ha ansvar for rådet. Lærlingrådet skal representera mangfald i lærlingmassen.

Demokrati, medverknad og representasjon er sentrale verdier i det norske samfunnet. Elevane i den vidaregåande skulen har rett til å kunna påverka sin eigen skulekvardag gjennom elevråd og andre kanalar. Det å gå ut i lære er ei stor endring for mange. Nokon er gjerne den einaste lærlingen på arbeidsplassen sin. Desto viktigare er det at lærlingsperspektivet blir ivaretatt innad i Hordaland fylkeskommune.

Auka rekruttering til Restaurant- og matfag

Fylkestinget ser at Restaurant- og matfag har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheiter til å få seg lære plass. Hordaland fylkeskommune skal etablere eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle aktørar med mål om å jobba fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.

Tidstjuvar i skulen

Fylkestinget ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak der det skal nedsettast ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå tidstjuvar i skulen. Gruppa skal vera breitt samansett med representasjon frå arbeidstakarorganisasjonane, samt administrativt og politisk nivå på fylket.

Dei siste åra har det vore eit stort fokus på tidstjuvar i skulen. Politikarar har over lang tid fått tilbakemeldingar om at tilsette i skulen må bruka mykje tid på arbeidsoppgåver som berre i avgrensa grad kjem elevane til gode.

Matsvinn

Matsvinn og matkasting er ei stor utfordring. Kvart år kastar kvar nordmann i snitt 42 kg mat som kan etast. Hordaland fylkeskommune skal i 2018 utarbeida ein strategi for å redusere matsvinn og matkasting i fylkeskommunale verksemdar.

Musikklinje Langhaugen vgs

På utvalde offentlege skular i Hordaland kan elevane søke på musikklinjer. Desse er særskild populære og har ofte høge inntakspoeng.

På sikt ønskjer vi å kunna utvida musikktilbodet på Langhaugen vgs, og gjera tilbodet tilgjengeleg for fleire enn i dag. Vi ber fylkesrådmannen komma tilbake med ei sak på korleis dette kan realiserast.

Betre innkjøpsreglar i fylkeskommunen

Fylkestinget ser at Hordaland må bidra i kampen for eit seriøst og anstendig arbeidsliv, samt sikra fleire yrkesfagselevar lære plass. Difor skjerpar fylkeskommunen krava til eigne innkjøp. Det vert innført eigne seriøsitets- og lærlingkrav etter den såkalla Oslo-modellen.

Fagopplæring

I regjeringas forslag til statsbudsjett er det sett av 40 millionar til tiltak for å styrkja fagopplæringa. Arbeidet med å rekruttera fleire lærebedrifter er særleg trekt fram. Vi ber fylkesrådmannen komma tilbake snarast mogleg med forslag til korleis Hordaland sin andel av desse midlane skal disponerast.

Fråfall og oppfølging

I kvalitetsmeldinga for 2016 framgår det at oppfølgingstenesta ikkje får kontakt med 7% av elevane som skal ha oppfølging. Rådmannen vert beden om å gjennomføra tiltak slik at ein kan garantera at alle elevar vert kontakta og får eit tilbod dersom dei ynskjer det.

Omstrukturera Skyss til eit mobilitetsselskap

Fylkestinget ber fylkesrådmannen komma med sak i løpet av 2018 om å omstrukturera Skyss til mobilitetsselskap. Dette vil gje meir kraftfull, heilskapleg satsing på gange, sykkel og kollektivsatsing i fylket.

Satsing for betre psykisk helse

Fylkestinget ønskjer ei sak om skulepsykologer, og korleis ein kan nytte skulepsykologane som eit lågterskel behandlingstilbod til elevane.

Fjerne parkeringsplassar i fylkesbygget

I samband med fornying/oppgradering av fylkesbygget vert fylkesrådmannen beden om å vurdere å legge til rette for alternativ bruk av parkeringsdekket.

Utviding av utval for opplæring og helse

Fylkestinget utvidar utval for opplæring og helse med eitt medlem.

TALBUDSJETT

	Inntekter	Utgifter
KVA	2018	2018
POLITISKE ORGAN OG KONTROLLORGAN		
Reduksjon sekretariat for kontr.utv. legg til grunn prisvekst	-110 000	
ØKONOMI OG ORGANISASJON		
Konsulentbruk	-3 000 000	
Effektivisering på drift	-15 000 000	
Mindre reiseaktivitet/auka bruk av videokonferansar	-2 000 000	
Trainee-stilling		500 000
OPPLÆRING OG HELSE		
Utvida musikktilbod Langhaugen VGS		500 000
Læremidlar yrkesfag - søkbar pott		4 000 000
Helsehjelp papirlause		300 000
Skulefrukost		2 500 000
MILJØ OG SAMFERDSEL		
Auka kollektivinntekter	-9 000 000	
Auka belønningmidlar	-10 000 000	
Trygg skuleveg og punktutbetring		20 000 000
Auka ruteproduksjon kollektivtilbod region Vest		1 500 000
Auka ruteproduksjon kollektivtilbod/båt Nordhordland		1 500 000
Auka ruteproduksjon kollektivtilbod Sunnhordland/ Hardanger/Voss		2 000 000
Auka ruteproduksjon Bergen		5 000 000

Planlegging båtruter		500 000
Ungdomskort auke med 1 år		6 000 000
Plastoppydding, søkbar pott		1 000 000
Takstfrys periodekort barn		800 000
Takstfrys ungdomskort		5 600 000
TANNHELSE		
Redusert auke kompetansesenter tannhelse	-1 500 000	
REGIONAL		
Reversering kutt regionråda		150 000
Deltaking partnerskap næringsliv/forsking innan grønt skifte		1 000 000
Koordinator reiseliv		600 000
NCE Maritime Cleantech		200 000
KULTUR OG IDRETT		
Ung Vest, auke		80 000
Edvard Grieg kor, reduksjon	-80 000	
Vestnorsk filmsenter, auke		100 000
Cornerteateret, auke		100 000
Kultur Vest, reduksjon	-200 000	
Lågterskel fysisk aktivitet barn og unge		300 000
Tilskot til NMF		100 000
Søkbar pott elitekorps brass og janitsjar		300 000
Museumsplanen/kystkultur		860 000
Tilskot "Fjordsteam" 2018		400 000
FELLES FUNKSJONAR		
Kraftinntekter	-15 000 000	
TOTALT	-55 890 000	55 890 000
INVESTERINGAR		
Redusert fylkeskommunal andel til tunnelsikring (EU-direktiv)	-40 000 000	
Disposisjonsfondet	-5 000 000	
Carte blanche/BIT Teatergarasjen, lokale		5 000 000
Forsterking veg		30 000 000
Sikringstiltak tunnel (stein, ras og akuttiltak)		10 000 000
TOTALT	-kr 45 000 000,00	kr 45 000 000,00

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget vedtar fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringer:

DRIFTSBUDSJETT 2018 – TALLDEL

Driftsbudsjett	Økte kostnader / reduserte innt.	Reduserte kostnader / økte innt.
Udisponert		
Fylkesutvalget		
Effektivisering administrasjon		10 000 000
Tilbakestille nattakst		10 000 000
By/kollektivreklame		5 000 000
Effektivisering administrasjon skolesektor		5 000 000
Konsesjonskraft		15 000 000
Ufordelte løyvinger		10 000 000
Redusert reisevirksomhet/mer bruk av videokonferanse		2 000 000
Mindre konsulentbruk		2 500 000
(1) Dekkelegging	62 000 000	
Sentralbadet	10 500 000	
Opplæring og helse		
Økning 5% i tillegg til rådmannens forslag til økning for andre pasienter tannhelsetjenesten		3 500 000
Trekke oss ut av Skoleskipet Gann		500 000
Effektivisering behandling spesialist tannlegesenteret		2 000 000
(2) Selge Hjeltnes		10 000 000
Flere helsesøstre i skolehelsetjenesten (prosjekt sammen med utvalgte kommuner)	4 500 000	
Nedtrekk for oppfylling av klasser tilbakeføres	7 000 000	
Samferdsel		
Effektivisering drift samferdsel		10 000 000
(6) Ekstra avgang Krokeide - Hufthamar (Austevoll) Nattferge.	2 000 000	
Innfartsparkering	5 000 000	
(3) Økning enkeltbillett / lavere månedskort	1 300 000	15 900 000
Nattakst		9 000 000
Generell styrking av kollektiv	18 200 000	
Kultur og idrett		
(4) Bokbåten		754 000
(5) Stiftinga Sunnhordaland museum		633 000

Fjelberg Gamle Prestegard		233 000
Edvard Grieg kor (tidligere Kor Vest)		89 000
Regional Utvikling		
Tilskudd til masteroppgaver relevante for klimaplanen		150 000
Bibliotek som offentlig arena for klimadebatt		120 000
Klyngesamarbeid felles tiltak innen reiselivet	1 800 000	
Til disposisjonsfond	79 000	
	112 379 000	112 379 000

Noter

- (1) 100 mill. totalt (62 mill. mer enn fylkesrådmannens forslag).
- (2) Salg av eiendom. Salgspris er et grovt anslag. Ikke takst.
- (3) Enkeltbillett barn fra 19 kr til 20 kr. Enkeltbillett voksen fra 37 kr til 40 kr. Periodebillett voksen fra 810 kr til 800 kr.
- (4) Halvårseffekt kr. 754 000.
- (5) Videreføre samme økonomisk støtte som i 2017.
- (6) Nattferge fra august 2018.

VERBALFORSLAG

Samferdsel

Omdisponering av ruter til nye express-linjer fra Straume (gjennom Knappetunellen).

Nye retningslinjer for innfartsparkering.

Tannhelse

Effektivisere av organisering av tannhelsetjenesten.

Opplæring

Dersom oppfylling av klassene er lavere enn 85%, må det foretas en konkret og individuell vurdering.

Ikke automatisk nedleggelse av klasser.

Redusere de høye administrative kostnadene i skolesektoren i Hordaland.

Det blir lagt til grunn at elevinspektører videreføres innenfor gitt budsjetttramme.

Kultur

Ber om en oversikt over festivaler som går med økonomisk overskudd.

Gå i forhandlinger med Bergen kommune med sikte på at Bergen kommune tar et betydelig større ansvar for utbygging av Sentralbadet som kulturarena.

Ønsker en gjennomgang av lovpålagte og ikke-lovpålagte oppgaver innenfor kultursektoren.

Ønsker særskilt å prioritere kulturtiltak rettet mot barn og unge.

Gå i dialog med eksterne aktører med tanke på å vurdere alternativ driftsform for Manger folkehøgskole.»

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget vedtar fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringer:

DRIFTSBUDSJETTET

	2018	2019	2019	2020
Reduksjon kostnad Fylkesting 1.dag Mars/okt	-600	-600	Regions	Reformen
Udisp. midler fra drift til investering (70 mill) reduksjon	-20 000			
Konsesjonskraftsinntekter	-5 000	-5 000		
Generell reduksjon administrasjon –	-5000	-5 000		
Reduksjon i avsetning fond premieavik pensjon	-5 000	-5 000		
IKT samordning jmf SBP/reduksjon enheter	-6 000	-6 000		
Konkurransen/standardisering av prosjekter	-6 000	-6 000		
Klasseoppfylling Voksenopplæring	-3 000	-3 000		
Miljø og samferdsel				
Inntekter reklame Bybane/Skyss	-30 000	-35 000		
Reduksjon alder ungdomskort /dagens alder	9 000	9 000		
Full pris el-biler på ferge	-1 500	-1 500		
Innfartsparkering	10 000	5 000		
Økt fylkesveivedlikehold - reasfaltering	50 000	25 000		
Økte inntekter	-5 000			
Opplæring og helse				
Ytterligere klasseoppfylling 85%	-7 000	-7 000		
Salg av Manger Folkehøgskule/ Bygningene avhandles	-1 000	-1 900	Regions	Reformen
Pøbel-prosjektet	500	500		
Avsatt Utv. Opplæring klasseoppfylling distrikt	7 000	7 000		
Avvikling all aktivitet Hjeltnes/Eiendommer selges	-1 000	-1 700		
Kultur, idrett og regional utvikling				
Fyllingsdalen teater	500	500		
Litlabø-gruvene	100	100		
Stiftelsen Bryggen	100	100		
Tellevik Kystfort	100	100		
Espeland Fangeleir	100	100		
Kunst og kultur formidling	-2 000	-3 200		
Dyrebeskyttelsen Hordaland	100	100		
Avsetning reiseliv	1 500	1 500		
Sum (økt overskudd) til investering	-19 100	-31 900		

FrP gjør mindre endringer i investeringsbudsjettet.

	2018	2019	2019	2020
Mindre avsetning mindre ombygninger	- 10 000		Regions	reform
Avsatt til sentralbadet	10 000			
Investering utstyr Fagskolen i Hordaland	7 500	7 500		
Investering utstyr videregående skole	75 00	7 500		
Trygg skolevei - fylkesveier, mindre investeringer	10 000			
Økt eiendomssalg	-35 000	-35 000		
Fra drift	-19 100	-31 900		
Sum (mindre låneopptak/ overføring investering)	-29 100	-51 900		

Tom Sverre Tomren (MDG) sette på vegner av MDG og V fram slik protokollmerknad:

«MDG og V står førebels fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett, men varslar at vi vil presentere eige budsjett på fylkestinget i desember.»

Røysting

Fylkesutvalet slutta seg samrøystes til at fylkesrådmannen sitt forslag vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjettet.

Stenseide sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Bjørkly sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Kårbø sitt forslag fekk 8 røyster (KrF, SV, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

FYLKESBUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2019-2021

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

Hordaland fylkeskommune har ein krevjande økonomisk situasjon. Samarbeidspartia vil søkja gode løysingar gjennom omprioriteringar innan gjeldande budsjett, samt samarbeida med sentrale styresmakter for å auka løyvingane til offentlige velferdstenester, kulturliv, trygge arbeidsplassar og ein bærekraftig infrastruktur.

Det er ei nasjonal målsetting om å redusera utslepp av klimafarlige gassar frå transportsektoren og å styrkja miljøtiltak. Samarbeidspartia vil understreka at sentrale myndigheiter må ta eit større ansvar for kostnadane knytt til dette arbeidet enn det som vert gjort i dag dersom ein skal nå målsettingane.

Hordaland har eit betydelig etterslep på vedlikehald og rassikring av fylkesveggar som aukar for kvart år og pr. d.d.er kostnadsrekna til 7,3 milliardar kr på vegane. Samarbeidspartia vil understreka denne alvorlege situasjonen. Dersom ein skal unngå at etterslepet kjem ut av kontroll må det øyremerkast betydelige beløp til dette arbeidet gjennom statsbudsjetta i åra som kjem. Rassikring, vedlikehald og opprusting av fylkesveggar, bruer og tunellar må ha prioritet.

For å kunne gjennomføre tiltaka i budsjettet, krev det god styring og kontroll av den fylkeskommunale økonomien. Budsjettet for 2018 og økonomiplanen 2019-2021 vil styrkja arbeidet med å skapa ei trygg og bærekraftig utvikling og sikra gode tenestetilbod for innbyggjarane i eit førebyggjande og helsefremjande perspektiv. Omstillingsarbeidet må halda fram og det skal leggjast til rette for god dialog mellom leiing, tillitsvalde, tilsette og folkevalde.

Samarbeidspartia gjer endringar i drifta for til saman kr 55 890 000 og dette vert finansiert gjennom auka anslag på inntekter og effektivisering av drift.

Det vert gjort endringar i investeringsbudsjettet med 45 000 000 ved at det vert flytta pengar frå tunellvedlikehald til veg og ved at det vert nytta 5 millionar frå disposisjonsfondet.

AUKA AKTIVITET OG DRIFT

SAMFERDSEL

Trygg skuleveg og punktutbetring

Det vert nytta 20 000 000 ekstra til legging av meir asfaltdekke og trygg skuleveg.

Kollektiv

Det vert gjennomført takstfrys for ungdomskortet og for periodekort for barn. Ordninga med utviding av ungdomskortet for ungdom mellom 20 og 21 år vert vidareført. Desse tiltaka har ein samla kostnad på 12 400 000.

Det vert løyvd 1 500 000 ekstra til auka kollektivtilbod/båt i Nordhordland, 1 500 000 til fleire ekspressbussar mellom Sotra og Bergen, og 2 000 000 til auka kollektivtilbod i Sunnhordland/ Hardanger/Voss. I tillegg vert det løyvd 5 000 000 til auka ruteproduksjon i Bergen, som tilsvarar om lag 500 daglege avgangar.

Som ei oppfølging av strategiplan båt vert det løyvd 500 000 til ytterlegare utgreiing.

Miljø

Fylkestinget ser at forureining av plast i havet og fjære er eit aukande miljøproblem som gjev store skader på natur og dyreliv og det vert sett av 1 000 000 til plastoppyrdding, disponert av friluftsråda på same måte som tildelinga i 2017.

OPPLÆRING OG HELSE

Skulefrukost

Fylkestinget si målsetting om at alle elevar skal få eit næringsrikt måltid i løpet av skuledagen har fått veldig god mottaking og er eit godt helsefremjande tiltak. Ordninga vert trappa ytterlegare opp med 2 500 000 ekstra.

Læremidlar

Fylkestinget løyver 4 000 000 til fornying av læremidlar for yrkesfaga og dette skal vera ei søkbar ordning.

Musikkfag

Fylkestinget løyver 500 000 til å utvida musikktilbodet på Langhaugen, på grunn av aukande interesse for å ta vidaregåande utdanning med musikkfag.

Helsehjelp til flyktningar

Fylkestinget vil bidra til å styrkja det friviljuge arbeidet som helsepersonell utfører for å gje helsehjelp til papirlause flyktningar med 300 000 kr.

MOT

MOT som haldningsskapande program i vidaregåande skule er positivt. Fylkestinget ber om at det vert greidd ut i ei eiga sak kva kostnaden er med MOT i den vidaregåande skulen, kor mange MOT-skular vi har og korleis dette arbeidet vert følgt opp.

KULTUR

Fylkestinget meiner tilskot til kulturaktivitetar er viktige for å stimulera til auka friviljug aktivitet og det vert løyvd nokre mindre tilskudd til viktige institusjonar og tiltak.

Tilskot til NMF og søkbar pott elitekorps

Fylkestinget gjev ei ekstraløyving til NMF Hordaland som det største korpsfylket i landet i høve 100-årsjubileum for NMF. I tillegg etablerar fylkestinget ei ny ordning med ein søkbar pott på kroner 300 000 som skal nyttast til elitekorpsa innan brass og janitsjar i Hordaland.

Lågterskel fysisk aktivitetstilbod for barn og ungdom

Fylkestinget løyver 300 000 til eit slikt tilbod.

Cornertateret

Fylkestinget aukar tilskotet med 100 000.

Vestnorsk filmsenter

Fylkestinget aukar tilskotet med 100 000.

Tilskot «Fjordsteam" 2018

Det vert løyvd 400 000 til veteranbåtarrangementet «Fjordsteam 2018» som blir den største folkefesten i Bergen og Hordaland i 2018 i perioden 1. - 5. august.

INVESTERINGAR

Samferdsel

Grunna stort etterslep på investeringar på fylkesvegnettet vert det omprioritert 40 millionar av fylket sin andel til tunellsikring. Denne prioriteringa vert gjort for å sikra heilt naudsynte investeringar på fylkesvegane. Samarbeidspartia vil understreka at staten må ta eit større ansvar for etterslepet på vedlikehald, investeringar og tunell- og brusikring.

Kultur

Fylkestinget vil medverka til at Carte Blanche/ BitTeatergarasjen får tilgong til øvingslokale og scene og vil gå i dialog med Bergen kommune og Stortinget for å finne ei løysing. Prosjektet vil krevja investeringsmidlar langt utover det fylkeskommunen har til disposisjon, staten må her ta sitt eigaransvar på 70%. Det vert løyvd 5 000 000 til dette arbeidet i 2018.

VERBALPUNKT

Lærlingråd

Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak om å etablere eit lærlingråd etter modell frå Sør-Trøndelag. Elev- og lærlingeombodet bør vera sentralt i prosessen, og bør ha ansvar for rådet. Lærlingrådet skal representera mangfald i lærlingmassen.

Demokrati, medverknad og representasjon er sentrale verdiar i det norske samfunnet. Elevane i den vidaregåande skulen har rett til å kunna påverka sin eigen skulekvardag gjennom elevråd og andre kanalar. Det å gå ut i lære er ei stor endring for mange. Nokon er gjerne den einaste lærlingen på arbeidsplassen sin. Desto viktigare er det at lærlingsperspektivet blir ivaretatt innad i Hordaland fylkeskommune.

Auka rekruttering til Restaurant- og matfag

Fylkestinget ser at Restaurant- og matfag har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheiter til å få seg læreplass. Hordaland fylkeskommune skal etablere eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle aktørar med mål om å jobba fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.

Tidstjuvar i skulen

Fylkestinget ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak der det skal nedsettast ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå tidstjuvar i skulen. Grappa skal vera breitt samansett med representasjon frå arbeidstakarorganisasjonane, samt administrativt og politisk nivå på fylket.

Dei siste åra har det vore eit stort fokus på tidstjuvar i skulen. Politikarar har over lang tid fått tilbakemeldingar om at tilsette i skulen må bruka mykje tid på arbeidsoppgåver som berre i avgrensa grad kjem elevane til gode.

Matsvinn

Matsvinn og matkasting er ei stor utfordring. Kvar år kastar kvar nordmann i snitt 42 kg mat som kan etast. Hordaland fylkeskommune skal i 2018 utarbeida ein strategi for å redusere matsvinn og matkasting i fylkeskommunale verksemder.

Musikklinje Langhaugen vgs

På utvalde offentlege skular i Hordaland kan elevane søke på musikklinjer. Desse er særst populære og har ofte høge inntakspoeng.

På sikt ønskjer vi å kunna utvida musikktilbodet på Langhaugen vgs, og gjera tilbodet tilgjengeleg for fleire enn i dag. Vi ber fylkesrådmannen komma tilbake med ei sak på korleis dette kan realiserast.

Betre innkjøpsreglar i fylkeskommunen

Fylkestinget ser at Hordaland må bidra i kampen for eit seriøst og anstendig arbeidsliv, samt sikra fleire yrkesfagselevar lære plass. Difor skjerpar fylkeskommunen krava til eigne innkjøp. Det vert innført eigne seriositets- og lærlingkrav etter den såkalla Oslo-modellen.

Fagopplæring

I regjeringas forslag til statsbudsjett er det sett av 40 millionar til tiltak for å styrkja fagopplæringa. Arbeidet med å rekruttera fleire lærebedrifter er særleg trekt fram. Vi ber fylkesrådmannen komma tilbake snarast mogleg med forslag til korleis Hordaland sin andel av desse midlane skal disponerast.

Fråfall og oppfølging

I kvalitetsmeldinga for 2016 framgår det at oppfølgingstenesta ikkje får kontakt med 7% av elevane som skal ha oppfølging. Rådmannen vert beden om å gjennomføra tiltak slik at ein kan garantera at alle elevar vert kontakta og får eit tilbod dersom dei ynskjer det.

Omstrukturera Skysst til eit mobilitetsselskap

Fylkestinget ber fylkesrådmannen komma med sak i løpet av 2018 om å omstrukturera Skysst til mobilitetsselskap. Dette vil gje meir kraftfull, heilskapleg satsing på gange, sykkel og kollektivsatsing i fylket.

Satsing for betre psykisk helse

Fylkesting ønskjer ei sak om skulepsykologer, og korleis ein kan nytte skulepsykologane som eit lågterskel behandlingstilbod til elevane.

Fjerne parkeringsplassar i fylkesbygget

I samband med fornying/oppgradering av fylkesbygget vert fylkesrådmannen beden om å vurdere å legge til rette for alternativ bruk av parkeringsdekket.

Utviding av utval for opplæring og helse

Fylkestinget utvidar utval for opplæring og helse med eitt medlem.

TALBUDSJETT

	Inntekter	Utgifter
KVA	2 018	2018
POLITISKE ORGAN OG KONTROLLORGAN		
Reduksjon sekretariat for kontr.utv. legg til grunn prisvekst	-110 000	
ØKONOMI OG ORGANISASJON		
Konsulentbruk	-3 000 000	
Effektivisering på drift	-15 000 000	
Mindre reiseaktivitet/auka bruk av videokonferansar	-2 000 000	
Trainee-stilling		500 000
OPPLÆRING OG HELSE		
Utvida musikktilbod Langhaugen VGS		500 000
Læremidlar yrkesfag - søkbar pott		4 000 000
Helsehjelp papirlause		300 000
Skulefrukost		2 500 000
MILJØ OG SAMFERDSEL		
Auka kollektivinntekter	-9 000 000	
Auka belønningmidlar	-10 000 000	

Trygg skuleveg og punktutbetring		20 000 000
Auka ruteproduksjon kollektivtilbod region Vest		1 500 000
Auka ruteproduksjon kollektivtilbod/båt Nordhordland		1 500 000
Auke ruteproduksjon kollektivtilbod Sunnhordland/ Hardanger/Voss		2 000 000
Auka ruteproduksjon Bergen		5 000 000
Planlegging båtruter		500 000
Ungdomskort auke med 1 år		6 000 000
Plastoppyrdding, søkbar pott		1 000 000
Takstfrys periodekort barn		800 000
Takstfrys ungdomskort		5 600 000
TANNHELSE		
Redusert auke kompetansesenter tannhelse	-1 500 000	
REGIONAL		
Reversering kutt regionråda		150 000
Deltaking partnerskap næringsliv/forsking innan grønt skifte		1 000 000
Koordinator reiseliv		600 000
NCE Maritime Cleantech		200 000
KULTUR OG IDRETT		
Ung Vest, auke		80 000
Edvard Grieg kor, reduksjon	-80 000	
Vestnorsk filmsenter, auke		100 000
Cornerteateret, auke		100 000
Kultur Vest, reduksjon	-200 000	
Lågterskel fysisk aktivitet barn og unge		300 000
Tilskot til NMF		100 000
Søkbar pott elitekorps brass og janitsjar		300 000
Museumspanen/kystkultur		860 000
Tilskot "Fjordsteam" 2018		400 000
FELLES FUNKSJONAR		
Kraftinntekter	-15 000 000	
TOTALT	-55 890 000	55 890 000
INVESTERINGAR		
Redusert fylkeskommunal andel til tunnelsikring (EU-direktiv)	-40 000 000	
Disposisjonsfondet	-5 000 000	
Carte blanche/BIT Teatergarasjen, lokale		5 000 000
Forsterking veg		30 000 000
Sikringstiltak tunnel (stein, ras og akuttiltak)		10 000 000
TOTALT	-kr 45 000 000,00	kr 45 000 000,00

Protokollmerknad frå MDG og V

MDG og V stør førebels fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett, men varslar at vi vil presentere eige budsjett på fylkestinget i desember.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.12.2017

Pål Kårbø (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp og SV fram slikt forslag:

«FYLKESBUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2019-2021

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

Hordaland fylkeskommune har ein krevjande økonomisk situasjon. Samarbeidspartia vil søkja gode løysingar gjennom omprioriteringar innan gjeldande budsjett, samt samarbeida med sentrale styresmakter for å auka løyvingane til offentlige velferdstenester, kulturliv, trygge arbeidsplassar og ein bærekraftig infrastruktur.

Det er ei nasjonal målsetting om å redusera utslepp av klimafarlege gassar frå transportsektoren og å styrkja miljøtiltak. Samarbeidspartia vil understreka at sentrale myndigheiter må ta eit større ansvar for kostnadane knytt til dette arbeidet enn det som vert gjort i dag dersom ein skal nå målsettingane.

Hordaland har eit betydelig etterslep på vedlikehald og rassikring av fylkesvegar som aukar for kvart år og pr.d.d.er kostnadsrekna til 7,3 milliardar kr på vegane. Samarbeidspartia vil understreka denne alvorlige situasjonen. Dersom ein skal unngå at etterslepet kjem ut av kontroll må det øyremerkast betydelige beløp til dette arbeidet gjennom statsbudsjetta i åra som kjem. Rassikring, vedlikehald og opprusting av fylkesvegar, bruer og tunellar må ha prioritet.

For å kunne gjennomføre tiltaka i budsjettet, krev det god styring og kontroll av den fylkeskommunale økonomien. Budsjettet for 2018 og økonomiplanen 2019-2021 vil styrkja arbeidet med å skapa ei trygg og bærekraftig utvikling og sikra gode tenestetilbod for innbyggjarane i eit førebyggjande og helsefremjande perspektiv. Omstillingsarbeidet må halda fram og det skal leggjast til rette for god dialog mellom leiing, tillitsvalde, tilsette og folkevalde.

Samarbeidspartia gjer endringar i drifta for til saman kr 55 890 000 og dette vert finansiert gjennom auka anslag på inntekter og effektivisering av drift.

Det vert gjort endringar i investeringsbudsjettet med 45 000 000 ved at det vert flytta pengar frå tunellvedlikehald til veg og ved at det vert nytta 5 millionar frå disposisjonsfondet.

AUKA AKTIVITET OG DRIFT

SAMFERDSEL

Trygg skuleveg og punktutbetring

Det vert nytta 20 000 000 ekstra til legging av meir asfaltdekke og trygg skuleveg.

Kollektiv

Det vert gjennomført takstfrys for ungdomskortet og for periodekort for barn. Ordninga med utviding av ungdomskortet for ungdom mellom 20 og 21 år vert vidareført. Desse tiltaka har ein samla kostnad på 12 400 000.

Det vert løyvd 1 500 000 ekstra til auka kollektivtilbod/båt i Nordhordland, 1 500 000 til fleire ekspressbussar mellom Sotra og Bergen, og 2 000 000 til auka kollektivtilbod i Sunnhordland/Hardanger/Voss. I tillegg vert det løyvd 5 000 000 til auka ruteproduksjon i Bergen, som tilsvarar om lag 500 daglege avgangar. Som ei oppfølging av strategiplan båt vert det løyvd 500 000 til ytterlegare utgreiing.

Miljø

Fylkestinget ser at forureining av plast i havet og fjære er eit aukande miljøproblem som gjev store skader på natur og dyreliv og det vert sett av 1 000 000 til plastopprydding, disponert av friluftsråda på same måte som tildelinga i 2017.

OPPLÆRING OG HELSE

Skulefrukost

Fylkestinget si målsetting om at alle elevar skal få eit næringsrikt måltid i løpet av skuledagen har fått veldig god mottaking og er eit godt helsefremjande tiltak. Ordninga vert trappa ytterlegare opp med 2 500 000 ekstra.

Læremidlar

Fylkestinget løyver 4 000 000 til fornying av læremidlar for yrkesfaga og dette skal vera ei søkbar ordning.

Musikkfag

Fylkestinget løyver 500 000 til å utvida musikktilbodet på Langhaugen, på grunn av aukande interesse for å ta vidaregåande utdanning med musikkfag.

Helsehjelp til flyktningar

Fylkestinget vil bidra til å styrkja det friviljuge arbeidet som helsepersonell utfører for å gje helsehjelp til papirlause flyktningar med 300 000 kr.

MOT

MOT som haldningsskapande program i vidaregåande skule er positivt. Fylkestinget ber om at det vert greidd ut i ei eiga sak kva kostnaden er med MOT i den vidaregåande skulen, kor mange MOT-skular vi har og korleis dette arbeidet vert følgd opp.

Kultur

Fylkestinget meiner tilskot til kulturaktivitetar er viktige for å stimulera til auka friviljug aktivitet og det vert løyvd nokre mindre tilskot til viktige institusjonar og tiltak.

Tilskot til NMF og søkbar pott elitekorps

Fylkestinget gjev ei ekstraløyving til NMF Hordaland som det største korpsfylket i landet i høve 100-jubileum for NMF. I tillegg etablerer fylkestinget ei ny ordning med ein søkbar pott på kroner 300 000 som skal nyttast til eliteskorpsa innan brass og janitsjar i Hordaland.

Lågterskel fysisk aktivitetstilbod for barn og ungdom

Fylkestinget løyver 300 000 til eit slikt tilbod

Cornerteateret

Fylkestinget aukar tilskotet med 100 000

Vestnorsk filmsenter

Fylkestinget aukar tilskotet med 100 000

Tilskot «Fjordsteam" 2018

Det vert løyvd 400 000 til veteranbåtarrangementet «Fjordsteam 2018» som blir den største folkefesten i Bergen og Hordaland i 2018 i perioden 1. - 5. august.

INVESTERINGAR

Samferdsel

Grunna stort etterslep på investeringar på fylkesvegnettet vert det omprioritert 40 millionar av fylket sin andel til tunellsikring. Denne prioriteringa vert gjort for å sikra heilt naudsynte investeringar på fylkesvegane. Samarbeidspartia vil understreka at staten må ta eit større ansvar for etterslepet på vedlikehald, investeringar og tunell- og brusikring.

Kultur

Fylkestinget vil medverka til at Carte Blanche/ BitTeatergarasjen får tilgang til øvingslokale og scene og vil gå i dialog med Bergen kommune og Stortinget for å finne ei løysing. Prosjektet vil krevja investeringsmidlar langt utover det fylkeskommunen har til disposisjon, staten må her ta sitt eigaransvar på 70%. Det vert løyvd 5 000 000 til dette arbeidet i 2018.

VERBALPUNKT

Lærlingråd

Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak om å etablere eit lærlingråd etter modell frå Sør-Trøndelag. Elev- og lærlingeombodet bør vere sentralt i prosessen, og bør ha ansvar for rådet. Lærlingrådet skal representera mangfald i lærlingmassen.

Demokrati, medverknad og representasjon er sentrale verdiar i det norske samfunnet. Elevane i den vidaregåande skulen har rett til å kunne påverke sin eigen skulekvardag gjennom elevråd og andre kanalar. Det å gå ut i læra er ei stor endring for mange. Nokon er gjerne den einaste lærlingen på arbeidsplassen sin. Desto viktigare er det at lærlingsperspektivet blir ivaretatt innad i Hordaland fylkeskommune.

Auka rekruttering til Restaurant- og matfag

Fylkestinget ser at Restaurant- og matfag har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheiter til å få seg lære-plass. Hordaland fylkeskommune skal etablere eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle aktørar med mål om å jobbe fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.

Tidstjuvar i skulen

Fylkestinget ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak der det skal settast ned ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå tidstjuvar i skulen. Gruppa skal vere breitt samansett med representasjon frå arbeidstakarorganisasjonane, samt administrativt og politisk nivå på fylket.

Dei siste åra har det vært eit stort fokus på tidstjuvar i skulen. Politikarar har over lang tid fått tilbakemeldingar om at tilsette i skulen må bruke mykje tid på arbeidsoppgåver som berre i avgrensa grad kjem elevane til gode.

Matsvinn

Matsvinn og matkasting er ei stor utfordring. Kvart år kastar kvar nordmann i snitt 42 kg mat som kan etast. Hordaland fylkeskommune skal i 2018 utarbeida ein strategi fr å redusera matsvinn og matkasting i fylkeskommunale verksemder.

Musikklinj Langhaugen vgs

På utvalde offentlege skular i Hordaland kan elevane søke på musikklinj. Desse er særskilte populære og har ofte høge inntakspoeng.

På sikt ønskjer vi å kunne utvide musikktilbodet på Langhaugen vgs, og gjere tilbodet tilgjengeleg for fleire enn i dag. Vi ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak på korleis dette kan realiseras.

Betre innkjøpsreglar i fylkeskommunen

Fylkestinget ser at Hordaland må bidra i kampen for eit seriøst og anstendig arbeidsliv, samt sikre fleire yrkesfagselevar lære-plass. Difor skjerpar fylkeskommunen krava til eigne innkjøp. Det innføres eigne seriøsitets- og lærlingkrav etter den såkalla Oslo-modellen.

Fagopplæring

I regjeringas forslag til statsbudsjett er det sett av 40 millionar til tiltak for å styrkje fagopplæringa. Arbeidet med å rekruttere fleire lærebedrifter er særleg trekt fram. Vi ber fylkesrådmannen komme tilbake snarast mogleg med forslag til korleis Hordaland sin andel av desse midlane skal disponeras.

Omstrukturera Skyss til eit mobilitetsselskap

Fylkestinget ber fylkesrådmannen komme med sak i løpet av 2018 om å omstrukturera Skyss til mobilitetsselskap. Dette vil gje meir kraftfull, heilskapleg satsing på gange, sykkel og kollektivsatsing i fylket.

Satsing for betre psykisk helse

Fylkestinget ønskjer ei sak om skulepsykologar, og korleis ein kan nytte skolepsykologane som eit lågterskel behandlingstilbod til elevane.

Fjerne parkeringsplassar i fylkesbygget

I samband med fornying/oppgradering av fylkesbygget vert fylkesrådmannen beden om å vurdere å legge til rette for alternativ bruk av parkeringsdekket.

Båtruter

Fylkestinget ber rådmannen våren 2018 leggja fram ei sak med ein heilskapleg gjennomgang av den lokale båtruta i Osterfjorden og ruta Geitanger-Knappskog. Fylkestinget bed rådmannen avklare om det er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet, eller om det kan løysast i eit evt. spleiselag mellom fylkeskommunen og dei relevante kommunane. Fylkestinget legg til grunn at desse lokalsamfunna også i framtida må sikrast eit tenleg transporttilbod.

Store meisterskap (ref. side 134 i budsjettet):

«Norges volleyballforbund er tilrådd 60.000 kroner i støtte til EM kvalifiseringskampar under ordninga «Store mesterskap». Fylkestinget stadfester at desse pengane i staden kan brukast til å arrangere NEVZA Club Championship i Sotra arena 26.-28. januar, i tråd med forbundet sitt ønske.»

TT-Ordning

Hordaland fylkesting vidarefører TT-ordninga og vil arbeide for at ordninga vert nasjonal.

TALBUDSJETT

KVA	Inntekter	Utgifter
	2018	2018
POLITISKE ORGAN OG KONTROLLORGAN		
Reduksjon politiske organ	-110 000	
ØKONOMI OG ORGANISASJON		
Konsulentbruk	-3 000 000	
Effektivisering på drift	-15 000 000	
Mindre reiseaktivitet/auka bruk av videokonferansar	-2 000 000	
Trainee-stilling		500 000
OPPLÆRING OG HELSE		
Utvida musikktilbod Langhaugen VGS		500 000
Læremidlar yrkesfag - søkbar pott		4 000 000
Helsehjelp papirlause		300 000
Skulefrukost		2 500 000
MILJØ OG SAMFERDSEL		
Auka kollektivinntekter	-9 000 000	
Auka belønningsmidlar	-10 000 000	
Trygg skuleveg og punktutbetring		20 000 000
Auka ruteproduksjon kollektivtilbod region Vest		1 500 000
Auka ruteproduksjon kollektivtilbod/båt Nordhordland		1 500 000
Auka ruteproduksjon kollektivtilbod Sunnhordland/Hardanger/Voss		2 000 000
Auka ruteproduksjon Bergen		5 000 000
Planlegging båtruter		500 000
Ungdomskort auke med 1 år		6 000 000
Plastopprydding, søkbar pott		1 000 000
Takstfrys periodekort barn		800 000
Takstfrys ungdomskort		5 600 000

TANNHELSE		
Redusert auke kompetansesenter tannhelse	-1 500 000	
REGIONAL		
Reversering kutt regionråda		150 000
Deltaking partnerskap næringsliv/forskning innan grønt skifte		1 000 000
Koordinator reiseliv		600 000
NCE Maritime Cleantech		200 000
KULTUR OG IDRETT		
Ung Vest, auke		80 000
Edvard Grieg kor, reduksjon	-80 000	
Vestnorsk filmsenter, auke		100 000
Cornerteateret, auke		100 000
Kultur Vest, reduksjon	-200 000	
Lågterskel fysisk aktivitet barn og unge		300 000
Tilskot til NMF		100 000
Søkbar pott elitekorps brass og janitsjar		300 000
Museumsløftet		860 000
Tilskot "Fjordsteam" 2018		400 000
FELLES FUNKSJONAR		
Kraftinntekter	-15 000 000	
TOTALT	-55 890 000	55 890 000
INVESTERINGER		
Redusert fylkeskommunal andel til tunnelsikring (EU-direktiv)	-40 000 000	
Disposisjonsfondet	-5 000 000	
Carte blanche/BIT Teatergarasjen, lokale		5 000 000
Forsterking veg		30 000 000
Sikringstiltak tunnel (stein, ras og akuttiltak)		10 000 000
TOTALT	-kr 45 000 000,00	kr 45 000 000,00»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget vedtar fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringer:

DRIFTSBUDSJETT 2018 - TALLDEL

	Økte kostnader/ reduserte inntekter	Reduserte kostnader / økte inntekter
Driftsbudsjett		
Udisponert		
Fylkesutvalget		
Effektivisering administrasjon		15 000 000
By/kollektivreklame		5 000 000
Effektivisering administrasjon skolesektor		5 000 000

Konsesjonskraft		15 000 000
Redusert reisevirksomhet/mer bruk av videokonferanse		2 500 000
Mindre konsulentbruk		3 000 000
Økte overføringer fra staten		10 000 000
Sentralbadet	10 500 000	
Opplæring og helse		
Økning 5% i tillegg til rådmannens forslag til økning for andre pasienter tannhelsetjenesten		3 500 000
Trekke oss ut av Skoleskipet Gann		500 000
Effektivisering behandling spesialist tannlegesenteret		2 000 000
Flere helsesøstre i skolehelsetjenesten (prosjekt sammen med utvalgte kommuner)	4 500 000	
Nedtrekk for oppfylling av klasser tilbakeføres, går til økt ramme opplæring	7 000 000	
Samferdsel		
(6) Ekstra avgang Krokeide - Hufthamar (Austevoll) Nattferge. Fra august.	2 000 000	
(3) Økning enkeltbillett / lavere månedskort	1 300 000	15 900 000
(7) Generell styrking av kollektiv, økt ruteproduksjon	18 200 000	
(1) Dekkelegging/vegvedlikehold	62 000 000	
Tilbakestille nattakst		10 000 000
Effektivisering drift vei. Kosmetiske tiltak jf. feiing, beplantning etc.		10 000 000
Økte billettinntekter		10 000 000
Kultur og idrett		
(4) Bokbåten		754 000
Fjelberg Gamle Prestegard		233 000
Edvard Grieg kor (tidligere Kor Vest)		89 000
Styrking/vedlikehold av museumene i Hordaland	1 400 000	
Regional utvikling		
Tilskudd til masteroppgaver relevante for klimaplanen		150 000
Bibliotek som offentlig arena for klimadebatt		120 000
Klyngesamarbeid felles tiltak innen reiselivet	1 800 000	
Til disposisjonsfond	46 000	
	108 746 000	108 746 000
INVESTERINGSBUDSJETT		
Innfartsparkering	5 000 000	
(2) Selge Hjeltnes		10 000 000

Noter

- (1) 100 mill. totalt (62 mill. mer enn fylkesrådmannens forslag).
(2) Salg av eiendom. Salgspris er et grovt anslag. Ikke takst.
(3) Enkeltbillett barn fra 19 kr til 20 kr. Enkeltbillett voksen fra 37 kr til 40 kr. Periodebillett voksen fra 810 kr til 800 kr.
(4) Halvårseffekt kr. 754 000.
(5) Videreføre samme økonomisk støtte som i 2017.

- (6) Nattferge fra august 2018.
(7) Økt ruteproduksjon buss, båt og bane

VERBALFORSLAG

Samferdsel

Omdisponering av ruter til nye express-linjer fra Straume (gjennom Knappetunellen).

Fylkestinget ber rådmannen våren 2018 leggja fram ei sak med ein heilskapleg gjennomgang av den lokale båtruta i Osterfjorden og ruta Geitanger-Knappskog.

Fylkestinget ber rådmannen avklare om det er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet, eller om det kan løysast i eit evt spleiselag mellom fylkeskommunen og dei relevante kommunane. Fylkestinget legg til grunn at desse lokalsamfunna også i framtida må sikrast eit tenleg transporttilbod.

Tannhelse

Effektivisere av organisering av tannhelsetjenesten.

Opplæring

Dersom oppfylling av klassene er lavere enn 85%, må det foretas en konkret og individuell vurdering. Ikke automatisk nedleggelse av klasser.

Redusere de høye administrative kostnadene i skolesektoren i Hordaland.

Det blir lagt til grunn at elevinspektører videreføres innenfor gitt budsjetttramme.

Kultur

Ber om en oversikt over festivaler som går med økonomisk overskudd.

Gå i forhandlinger med Bergen kommune med sikte på at Bergen kommune tar et betydelig større ansvar for utbygging av Sentralbadet som kulturarena.

Ønsker en gjennomgang av lovpålagte og ikke-lovpålagte oppgaver innenfor kultursektoren, og en oversikt over kulturaktiviteter rettet mot barn og unge.

Gå i dialog med eksterne aktører med tanke på å vurdere alternativ driftsform for Manger folkehøgskole.»

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

«BUDSJETTREMLEGG FREMSKRITTPARTIET

Fylkestinget vedtar fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringer:

Fremskrittspartiet sitt budsjett har utgangspunkt i rådmannens fremlegg. Fremskrittspartiet legger til grunn at fylkeskommunen har en anstrengt økonomi og har tatt hensyn til dette i vårt fremlegg.

Fremskrittspartiet er av den oppfatning at dersom det skal vises forståelse for et stramt budsjett, bør dette også gjenspeiles politisk. Fremskrittspartiet er av den oppfatning at fylkestingene bør kunne avvikles mer effektivt. Ut fra dette settes mars og oktoberinget til 1 dag.

Vi tror også i år som i fjor at det vil bli en større inntjening på kraftinntektene.

Vi er også av den oppfatning at det vil være mulig å effektivisere administrasjonen og ha mindre bruk av konsulenter. Det bør være mulig å hente inn mer på smarte løsninger innenfor IKT samt bruk av konkurranse.

Miljø og samferdsel

Fremskrittspartiet bli benytte det potensiale som ligger i å skaffe seg reklameinntekter. I dag er det reklame i samfunnet, både i TV og i det offentlige rom. Vi kan ikke skjønne at fylkeskommunen ikke skal ta del i denne inntekten.

Fremskrittspartiet vil ta full pris for elbiler der det er mulig. Disse bruker både ferge og veier på likefot med andre trafikanter.

Vi vil beholde dagens aldersgrense på ungdomskort og setter også av midler til å fryse prisen på periodekort for studenter.

Fremskrittspartiet tar innover seg etterslepet av veivedlikeholdet og setter av ekstra midler til asfaltering, Vi vil også satse ytterligere på innfartsparkering. Vi setter av ytterligere midler til ruteproduksjon og til nattferge til Austevoll og midler til økt produksjon båtruter.

Opplæring

Fremskrittspartiet vil satse videre på produksjonskoler, men er av den oppfatning at Hjeltnes ikke er rett sted. Vi vil selge bygningene på Hjeltnes og vi selger Manger folkehøyskole.

Vi ønsker større oppfylingsgrad på klasser innen 85%. Midlene som tas ut skal disponeres av utvalget. Dette som en buffer ved prognoseinntaket. Det settes også av midler som skal kunne disponeres av opplæringsdirektøren.

Kultur

Fremskrittspartiet ønsker å styrke museene ytterligere og setter av midler til KIRU som fordeler disse etter søknad.

Fyllingsdalen teater er et viktig kulturtilbud for barn og unge og det avsettes midler til teateret.

Investeringer

For Fremskrittspartiet er det viktig å styrke fagskolen og de videregående skolene med maskiner og utstyr. Vi vil trygge skoleveier og setter av midler til dette formålet.

Fremskrittspartiet har merket seg at fylkeskommunen har vært inne i utredninger av sentralbadet. Vi har derfor satt av et mindre investeringsbeløp. Vi ser at dette kan bli en utfordring, da det må svært store investeringer til. Midlene som avsettes må ses på som en vilje fra fylkeskommunen til å se på løsninger.

Fremskrittspartiet vil også intensivere eiendomssalget.

DRIFTSBUDSJETTET

FrPs framlegg til endringer i driftsbudsjettet går fram av tabellen under;

	2018	2019	2019	2020
Reduksjon kostnad Fylkesting 1.dag Mars/okt	-600	-600	Regions	Reformen
Udisp. midler / mindre overført til investering	-25000			
Konsesjonskraftsinntekter	-10000	-10000		
Effektivisering administrasjon /konsulenter	-10000	-10000		
IKT samordning jmf SBP/reduksjon	-6000	-6000		
Konkurransse/standardisering av prosjekter	-6000	-6000		
Økte belønningsmidler	-10000	- 10000		
Miljø og samferdsel				
Inntekter reklame Bybane/Skyss	-30 000	-35 000		
Reduksjon alder ungdomskort /dagens alder	6000	6000		
Full pris el-biler på ferge	-1 500	-1 500		

Innfartsparkering	10 000	5 000		
Økt fylkesveivedlikehold – reasfaltering	50 000	25 000		
Økte inntekter/ flere reisende	-5000	-5000		
Økt ruteproduksjon / Båtruter	8000	8000		
Fryse periodekort studenter	800	800		
Avsetning natt ferge Austevoll	5000	5000		
Opplæring og helse				
Ytterligere klasseoppfylling 85%	-7 000	-7 000		
Klasseoppfylling Voksenopplæring	-3000	-3000		
Salg av Manger Folkehøgskule/Bygningene avhandles	-1 000	-1900	Regions	Reformen
Pøbel-prosjektet	500	500		
Avsatt Utv. Opplæring klasseoppfylling distrikt	7000	7000		
Avvikling all aktivitet Hjeltnes/Eiendommer selges	-1000	-1700		
Styrke skolebudsjett disponeres opplærings direktør	5000	5000		
Kultur, idrett og regional utvikling				
Fyllingsdalen teater	500	500		
Litlabø-gruvene	100	100		
Stiftelsen Bryggen	100	100		
Avsatt styrking til museum disp. KIRU.	2000	2000		
Tellevik Kystfort	100	100		
Espeland Fangeleir	100	100		
Kunst og kultur formidling	-2 000	-3 200		
Dyrebeskyttelsen Hordaland	100	100		
Avsetning reiseliv	1500	1500		
Sum tilbakeføres investering	-21300	-34100		

FrP gjør mindre endringer i investeringsbudsjettet.

	2018	2019	2019	2020
Mindre avsetning mindre ombygninger	- 10000		Regions	Reform
Avsatt til sentralbadet	10000			
Investering utstyr Fagskolen i Hordaland	7500	7500		
Investering utstyr videregående skole	7500	7500		
Trygg skolevei - fylkesveier, mindre investeringer	10000			
Økt eiendomssalg	-35 000	-35 000		
Fra drift	-21300	-34100		
Sum (mindre låneopptak/overføring investering)	-31300	-54100»		

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

INNETEKTER DRIFT		
Drift administrasjon / organisasjon		15000000
Konsesjonskraft midler		15000000
Auka kollektivinntekter		4150000
Belønningsmidler		10000000
TOTALE INNETEKTER DRIFT		44150000
INNETEKTER INVESTERING		
Redusert fylkeskommunal andel tunellsikring		30000000
Prosjekt kartlegging av effekten av el-sykkel i kommunane		500000
Auka ruteproduksjon		11000000
Ungdomskort 1 år mer		6000000
Student dagens prisnivå		1400000
Miljøprisen- auke		450000
Periodekort voksen senkes til 800kr.		1300000
Opplæring og helse		
Fylkeskommunalandel Hjeltnes Produksjonsskole		5000000
Utvida musikktilbod Langhaugen skule		500000
Skulefrukost		2500000
Kultur, idrett og regional utvikling		
Kartlegging av biologiske mangfold Hordaland		3000000
Ålmenne kulturvernforemål		300000
Opprette pris for Grønn innovasjon		100000
Oppryddning Plast i havet		2000000
Tilskott til klyngearbeid for grønt reiselivet		2000000
Auka pott til Klimaplanen 5000000		
Auka søkbar tilskott til lokale miljø- og klimaprojekt i Miljøprogrammet		1000000
Auka støtte demokratiske miljøorganisasjoner i Miljøprogrammet		1500000
Lågterskel fysisk aktivitet barn og unge		300000
NCE Maritime Cleantech		300000
TOTALE UTGIFTER DRIFT		44150000
Rassikring og tunnellsikring		10000000
Oppstartsmidler Carte Blance - Sentralbadet		5000000
Trafikksikring/ tryggsuleveg		10000000
Innfartsparkering		5000000
TOTALE UTGIFTER INVESTERING		30000000

VERBAL DEL

Hordaland må og skal halda fram arbeidet for eit grønar og meir omstillingsdyktig Vestland. Grøn omstilling, god regional utvikling og oppfylling av klimamåla skal vere overskriftene og må vera førande på alt fylkeskommunen gjer av endringar og satsingar framover.

Fylkeskommunen og den framtidige regionen Vestlandet har og bør ha ansvar for større viktige samfunnsoppgåver: samferdsel, regional næringsutvikling, regional utvikling, vidaregåande skule og tannhelseteneste. Samstundes har fylket avgrensa budsjett, og lita moglegheit til å prioritera.

Den urovekkjande gjeldsgraden til fylkeskommunen er nest-størst i landet og det er ei felles oppgåve for alle partia på fylkestinget å syta for at graden av lånegjeld ikkje overstig det fylkeskommunen kan handtera i framtida. Dette medfører at ein ikkje kan gjera vidare av større investeringar i åra som kjem.

Meir enn nokon gang handlar fylkespolitikken i Hordaland om å prioritera. Då må dei store globale utfordringane - blant dei klimakrisa - vera ein del av den grunnleggjande tenkinga for politisk styring. Det er i våre eigne nærmiljø, våre eigne kommunar og også i vårt eige fylke at me må byggja grunnlaget for ei grøn og berekraftig framtid.

Naturvern

Heile vår eksistens kviler på naturen si berekraft. Menneskeleg påverknad gjer i dag sitt til at plante-, fiske-, og dyreartar er truga verda over. Her i Noreg er tusenvis av artar raudlista, og dei inngrepsfrie områda har skrumpa inn. Men mennesket er avhengige av naturen rundt oss, og naturen har også ein eigenverdi utover nytteverdien for oss menneske. Det må dessutan vera eit mål å bevare mest mogleg urørt natur til framtidige generasjonar.

Difor har me prioritert **ei storstilt kartlegging av det biologiske mangfaldet i fylket**, som ledd i å styrka det regionale planleggingsarbeidet, og å bidra til god og heilskapleg arealplanlegging og reguleringsarbeid både på fylkeskommunalt og kommunalt nivå.

Klimaplanen

Miljøkrisa krev politiske tiltak, og god miljøpolitikk må gjennomsyra heile politikken. Klimaplanen må vera eit sentralt styringsverktøy for fylket, og miljø- og klimamål må styrkast som ein viktig styringsmekanisme. Klimabudsjettet må vidareutviklast og nyttast aktivt i heile organisasjonen.

- Klimabudsjettet må på sikt **inkludere livssyklusperspektiv** på alle utbyggingar og investeringar.
- Fylkeskommunen skal gå føre når det gjeld energiøkonomisering og bruk av fornybar energi
- Den fylkeskommunale næringslivssatsinga på rettast inn slik at den fremmer grønt næringsliv, miljøvenlege næringsklynger, berekraftige løysingar og ny, grøn teknologi
- Det regionale planleggingsarbeidet må leggja vekt på natur, miljø og klima.

Nyskapande grønt næringsliv

Vestlandet og Hordaland treng eit kreativt og nyskapande næringsliv i årane framover, og da er det viktig å sleppa til gründarar og småbedrifter som står for mage av dei nye arbeidsplassane.

- Vidare satsing på **Ungt Entreprenørskap** i vidaregåande skule.
- Stimulera berekraftige, samvirkebaserte lokale og regionale verksemder som tek utgangspunkt i lokale og regionale ressursar
- Reiselivet er viktig for verdiskaping og arbeidsplassar i Hordaland. For å stø opp om dette, vert det i dette budsjettet sett av midlar til **klyngearbeid for grønt reiseliv**.

Videregående opplæring

Ein god og mangfaldig offentleg skule skal vera berebjelken også for vidaregåande skule, medan private ikkje-kommersielle skular utgjer eit viktig supplement.

- **Restaurant- og matfag (RM)** har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheitar til å få seg læreplass. Hordaland fylkeskommune skal etablera eit nettverk/samarbeid mellom fylkeskommune, andre offentlege aktørar, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustri og andre interessentar, med mål om arbeida fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag, og med fokus på kva som gjera faget meir attraktivt.
- HFK skal søkja på nasjonale midlar sett av til pilotprosjekt for produksjonsskule, og må samstundes setja av eigne midlar til å gjennomføra **pilotprosjektet på Hjeltnes**.

Mangfald i kulturlivet

Å skapa og oppleve kultur, gjer livet rikare både for enkeltmennesket og for samfunnet. Å kunna uttrykkja og engasjera seg i kulturlivet er ein menneskerett. Den fylkeskommunale kulturpolitikken må ta utgangspunkt i et ønske om å hindre ensretting. Samstundes må uavhengigheita og den frie stillinga til kulturutøvarar ivaretakast.

Arbeidet med lokale kulturminneplanar skal vidareførast i samarbeid med kommunane. Bibliotektilbodet må styrkast, og gode, distriktsvenlege tilbod - inkludert bokbåten Epos - skal halda fram. I talbudsjettet over er det også sett av noko ekstra til ålmenne kulturvernforemål, og ein registrerer med ei viss uro at blant anna Fortidsminneforeninga sine museumsmidlar er fjerna frå statsbudsjettet.»

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

VERBALFORSLAG

1: Sentralbadet

Fylkestinget understreker betydningen og nødvendigheten av å sikre Carte Blanche og BIT Teatergarasjen hensiktsmessige lokaler til sin fremragende kunstneriske virksomhet med fortsatt base i Bergen/Hordaland.

Fylkestinget anmoder, på denne bakgrunn, fylkesrådmannen om å følge videre opp Hordaland fylkeskommuners medansvar for å realisere Sentralbadet-prosjektet, som vil løse de to kunstinstitusjonens prekære husnød.

Fylkestinget ber om at alternative utgiftsfordeling vert drøft nærare med Bergen kommune og staten.

2: Fyllingsdalen Teater/Cornerteateret

Fyllingsdalen teater og Cornerteateret er viktige teater og kulturtilbod til born – og unge i Hordaland

Fylkestinget understreker viktigheten av deira vidare eksistens.

3: Trafikksikker fylkeskommune

Det må vere eit mål at Hordaland fylkeskommune starter ein prosess som fører til at fylkeskommunen vert godkjent som trafikksikker kommune innan 2018.

4: Friluftsråd

Fylkestinget meiner at marin forsøpling og plast i havet er ein av vår tids største utfordringar. Fylkestinget ønskjer å bidra til ein stor auke i oppryddinga av kysten vår, gjennom styrka bidrag til våre to friluftsråd.

5: Studentkort

Hordaland er eit viktig studentfylke.

Det er eit mål at Hordaland fylkeskommune ikkje skal vera det dyraste kollektivfylket for studentar.

SEKTOR	BUDSJETTENDRING 2	KOMMENTARER
	0,5% SEKTOR KUTT	
Inntekter:		
Konsesjonskraft	-15,0	
By/kollektiv reklame	-5,0	
Auka belønningsmidler	-10,0	
Redusert reisevirksomhet/mer bruk av videokonferanse	-1,0	
Organisasjon:		

Kutte i alle sektorar ekskl opplæring	-14,9	
SUM INNTEKTER	-45,9	
	UTGIFTER	
Samferdsle		
Ungdomskort til 20 år	9,0	
Frys studentkort	1,4	
Trygg skuleveg og punktutbetring	9,0	
Kultur		
Museums plan	1,0	
Friluftsliv	3,6	2,4 til BOF og 1,2 til friluftsrådet vest
Cornerteateret	0,3	
Fyllingsdalen teater	0,1	
Sentralbadet	10,0	
Næring		
Reiseliv - fellesstilling	1,5	
Klima		
Klimaplanen	1,0	
Opplæring		
Helsesøster - andre kommunar	1,5	
Hjeltnes	4,0	
Redusera innsparing - betre oppfylling klassar	3,5	
SUM UTGIFTER	45,9	
<i>Differanse</i>	<i>0,0</i>	
INVESTERINGAR		
Opplæring		
Kvam vgs - Planleggjing 2021	1,0	
Austrheim vgs - Planleggjing 2018	1,0	
Samferdsle		
Omfordeling til vedlikehaldsplan	10,0	
Inndekning		
Rehab./ombygg/mindre tilbygg 2018	-1,0	
Rehab./ombygg/mindre tilbygg 2021	-1,0	
Redusert fylkeskommunal andel til tunnelsikring (EU-direktiv)»	-10,0	

Arild Borgen (R) sette fram slikt forslag:

«Rødts forslag legger fylkesrådmannens innstilling til grunn med følgende endringer:

Endring	Økte utgifter/red. inntekter	Økte inntekter/besparelser
Redusere kostnader i administrasjon		12.100.000
Reversering av kutt i TT-tjenester til svaksynte	1.000.000	
Konsesjonskraft		15.000.000
Mindre konsulentbruk		4.000.000
Kutt Design Region Bergen		400.000
Redusere administrasjon i Skyss		2.000.000
Økte belønningsmidler		10.000.000
Disposisjonsfond		5.000.000
Økte kollektivinntekter		9.000.000
Skolefrokost	2.500.000	
Pott til utstyr i vgs-skole	8.000.000	
Økt ramme i vgs	10.000.000	
Økt tilskudd til vedlikehold av fylkesveier	25.000.000	
Ungdomskort 1 år økning	6.000.000	
Bergen Sykkelby hele året	5.000.000	
Resultat	57.500.000	57.500.000»

Røysting

Borgen sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Tomren sitt forslag fekk 3 røyster (MDG) og fall.

Njærheim sitt forslag fekk 3 røyster (V) og fall.

Stenseide sitt forslag fekk 7 røyster (Frp) og fall.

Bjørkly sitt forslag fekk 12 røyster (H) og fall.

Kårbø sitt forslag fekk 31 røyster (KrF, A, Sp, SV) og vart vedteke.

Vedtak

«FYLKESBUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2019-2021

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringer:

Hordaland fylkeskommune har ein krevjande økonomisk situasjon. Samarbeidspartia vil søkja gode løysingar gjennom omprioriteringar innan gjeldande budsjett, samt samarbeida med sentrale styresmakter for å auka løyvingane til offentlige velferdstenester, kulturliv, trygge arbeidsplassar og ein bærekraftig infrastruktur.

Det er ei nasjonal målsetting om å redusera utslepp av klimafarlige gassar frå transportsektoren og å styrkja miljøtiltak. Samarbeidspartia vil understreka at sentrale myndigheiter må ta eit større ansvar for kostnadane knytt til dette arbeidet enn det som vert gjort i dag dersom ein skal nå målsettingane.

Hordaland har eit betydelig etterslep på vedlikehald og rassikring av fylkesvegar som aukar for kvart år og pr.d.d.er kostnadsrekna til 7,3 milliardar kr på vegane. Samarbeidspartia vil understreka denne alvorlige situasjonen. Dersom ein skal unngå at etterslepet kjem ut av kontroll må det øyremerkast betydelige beløp til dette arbeidet gjennom statsbudsjetta i åra som kjem. Rassikring, vedlikehald og opprusting av fylkesvegar, bruer og tunellar må ha prioritet.

For å kunne gjennomføre tiltaka i budsjettet, krev det god styring og kontroll av den fylkeskommunale økonomien. Budsjettet for 2018 og økonomiplanen 2019-2021 vil styrkja arbeidet med å skapa ei trygg og bærekraftig utvikling og sikra gode tenestetilbod for innbyggjarane i eit førebyggjande og

helsefremjande perspektiv. Omstillingsarbeidet må halda fram og det skal leggjast til rette for god dialog mellom leiing, tillitsvalde, tilsette og folkevalde.

Samarbeidspartia gjer endringar i drifta for til saman kr 55 890 000 og dette vert finansiert gjennom auka anslag på inntekter og effektivisering av drift.

Det vert gjort endringar i investeringsbudsjettet med 45 000 000 ved at det vert flytta pengar frå tunellvedlikehald til veg og ved at det vert nytta 5 millionar frå disposisjonsfondet.

AUKA AKTIVITET OG DRIFT

SAMFERDSEL

Trygg skuleveg og punktutbetring

Det vert nytta 20 000 000 ekstra til legging av meir asfaltdekke og trygg skuleveg.

Kollektiv

Det vert gjennomført takstfrys for ungdomskortet og for periodekort for barn. Ordninga med utviding av ungdomskortet for ungdom mellom 20 og 21 år vert vidareført. Desse tiltaka har ein samla kostnad på 12 400 000.

Det vert løyvd 1 500 000 ekstra til auka kollektivtilbod/båt i Nordhordland, 1 500 000 til fleire ekspressbussar mellom Sotra og Bergen, og 2 000 000 til auka kollektivtilbod i Sunnhordland/Hardanger/Voss. I tillegg vert det løyvd 5 000 000 til auka ruteproduksjon i Bergen, som tilsvarar om lag 500 daglege avgangar.

Som ei oppfølging av strategiplan båt vert det løyvd 500 000 til ytterlegare utgreiing.

Miljø

Fylkestinget ser at forureining av plast i havet og fjære er eit aukande miljøproblem som gjev store skader på natur og dyreliv og det vert sett av 1 000 000 til plastoppyrdding, disponert av friluftsråda på same måte som tildelinga i 2017.

OPPLÆRING OG HELSE

Skulefrukost

Fylkestinget si målsetting om at alle elevar skal få eit næringsrikt måltid i løpet av skuledagen har fått veldig god mottaking og er eit godt helsefremjande tiltak. Ordninga vert trappa ytterlegare opp med 2 500 000 ekstra.

Læremidlar

Fylkestinget løyver 4 000 000 til fornying av læremidlar for yrkesfaga og dette skal vera ei søkbar ordning.

Musikkfag

Fylkestinget løyver 500 000 til å utvida musikktilbodet på Langhaugen, på grunn av aukande interesse for å ta vidaregåande utdanning med musikkfag.

Helsehjelp til flyktningar

Fylkestinget vil bidra til å styrkja det friviljuge arbeidet som helsepersonell utfører for å gje helsehjelp til papirlause flyktningar med 300 000 kr.

MOT

MOT som haldningsskapande program i vidaregåande skule er positivt. Fylkestinget ber om at det vert greidd ut i ei eiga sak kva kostnaden er med MOT i den vidaregåande skulen, kor mange MOT-skular vi har og korleis dette arbeidet vert følgd opp.

Kultur

Fylkestinget meiner tilskot til kulturaktivitetar er viktige for å stimulera til auka friviljug aktivitet og det vert løyvd nokre mindre tilskot til viktige institusjonar og tiltak.

Tilskot til NMF og søkbar pott elitekorps

Fylkestinget gjev ei ekstraløyving til NMF Hordaland som det største korpsfylket i landet i høve 100-jubileum for NMF. I tillegg etablerer fylkestinget ei ny ordning med ein søkbar pott på kroner 300 000 som skal nyttast til eliteskorpsa innan brass og janitsjar i Hordaland.

Lågterskel fysisk aktivitetstilbod for barn og ungdom

Fylkestinget løyver 300 000 til eit slikt tilbod

Cornerteateret

Fylkestinget aukar tilskotet med 100 000

Vestnorsk filmsenter

Fylkestinget aukar tilskotet med 100 000

Tilskot «Fjordsteam" 2018

Det vert løyvd 400 000 til veteranbåtarrangementet «Fjordsteam 2018» som blir den største folkefesten i Bergen og Hordaland i 2018 i perioden 1. - 5. august.

INVESTERINGAR

Samferdsel

Grunna stort etterslep på investeringar på fylkesvegnettet vert det omprioritert 40 millionar av fylket sin andel til tunellsikring. Denne prioriteringa vert gjort for å sikra heilt naudsynte investeringar på fylkesvegane. Samarbeidspartia vil understreka at staten må ta eit større ansvar for etterslepet på vedlikehald, investeringar og tunell- og brusikring.

Kultur

Fylkestinget vil medverka til at Carte Blanche/ BitTeatergarasjen får tilgang til øvingslokale og scene og vil gå i dialog med Bergen kommune og Stortinget for å finne ei løysing. Prosjektet vil krevja investeringsmidlar langt utover det fylkeskommunen har til disposisjon, staten må her ta sitt eigaransvar på 70%. Det vert løyvd 5 000 000 til dette arbeidet i 2018.

VERBALPUNKT

Lærlingråd

Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak om å etablere eit lærlingråd etter modell frå Sør-Trøndelag. Elev- og lærlingeombodet bør vere sentralt i prosessen, og bør ha ansvar for rådet. Lærlingrådet skal representera mangfald i lærlingmassen.

Demokrati, medverknad og representasjon er sentrale verdiar i det norske samfunnet. Elevane i den vidaregåande skulen har rett til å kunne påverke sin eigen skulekvardag gjennom elevråd og andre kanalar. Det å gå ut i læra er ei stor endring for mange. Nokon er gjerne den einaste lærlingen på arbeidsplassen sin. Desto viktigare er det at lærlingsperspektivet blir ivaretatt innad i Hordaland fylkeskommune.

Auka rekruttering til Restaurant- og matfag

Fylkestinget ser at Restaurant- og matfag har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheiter til å få seg læreplass. Hordaland fylkeskommune skal etablere eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle aktørar med mål om å jobbe fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.

Tidstjuvar i skulen

Fylkestinget ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak der det skal settast ned ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå tidstjuvar i skulen. Gruppa skal vere breitt samansett med representasjon frå arbeidstakarorganisasjonane, samt administrativt og politisk nivå på fylket.

Dei siste åra har det vært eit stort fokus på tidstjuvar i skulen. Politikarar har over lang tid fått tilbakemeldingar om at tilsette i skulen må bruke mykje tid på arbeidsoppgåver som berre i avgrensa grad kjem elevane til gode.

Matsvinn

Matsvinn og matkasting er ei stor utfordring. Kvart år kastar kvar nordmann i snitt 42 kg mat som kan etast. Hordaland fylkeskommune skal i 2018 utarbeida ein strategi fr å redusera matsvinn og matkasting i fylkeskommunale verksemder.

Musikklinje Langhaugen vgs

På utvalde offentlege skular i Hordaland kan elevane søke på musikklinjer. Desse er særst populære og har ofte høge inntakspoeng.

På sikt ønskjer vi å kunne utvide musikktilbodet på Langhaugen vgs, og gjere tilbodet tilgjengeleg for fleire enn i dag. Vi ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak på korleis dette kan realiseras.

Betre innkjøpsreglar i fylkeskommunen

Fylkestinget ser at Hordaland må bidra i kampen for eit seriøst og anstendig arbeidsliv, samt sikre fleire yrkesfagselevar læreplass. Difor skjerpar fylkeskommunen krava til eigne innkjøp. Det innførast eigne seriøsitets- og lærlingkrav etter den såkalla Oslo-modellen.

Fagopplæring

I regjeringas forslag til statsbudsjett er det sett av 40 millionar til tiltak for å styrkje fagopplæringa. Arbeidet med å rekruttere fleire lærebedrifter er særleg trekt fram. Vi ber fylkesrådmannen komme tilbake snarast mogleg med forslag til korleis Hordaland sin andel av desse midlane skal disponeras.

Omstrukturera Skyss til eit mobilitetsselskap

Fylkestinget ber fylkesrådmannen komme med sak i løpet av 2018 om å omstrukturera Skyss til mobilitetsselskap. Dette vil gje meir kraftfull, heilskapleg satsing på gange, sykkel og kollektivsatsing i fylket.

Satsing for betre psykisk helse

Fylkestinget ønskjer ei sak om skulepsykologar, og korleis ein kan nytte skolepsykologane som eit lågterskel behandlingstilbod til elevane.

Fjerne parkeringsplassar i fylkesbygget

I samband med fornying/oppgradering av fylkesbygget vert fylkesrådmannen beden om å vurdere å legge til rette for alternativ bruk av parkeringsdekket.

Båtruter

Fylkestinget ber rådmannen våren 2018 leggja fram ei sak med ein heilskapleg gjennomgang av den lokale båtruta i Osterfjorden og ruta Geitanger-Knappskog. Fylkestinget bed rådmannen avklare om det er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet, eller om det kan løysast i eit evt. spleiselag mellom fylkeskommunen og dei relevante kommunane. Fylkestinget legg til grunn at desse lokalsamfunna også i framtida må sikrast eit tenleg transporttilbod.

Store meisterskap (ref. side 134 i budsjettet):

«Norges volleyballforbund er tilrådd 60.000 kroner i støtte til EM kvalifiseringskampar under ordninga «Store mesterskap». Fylkestinget stadfester at desse pengane i staden kan brukast til å arrangere NEVZA Club Championship i Sotra arena 26.-28. januar, i tråd med forbundet sitt ønske.»

TT-Ordning

Hordaland fylkesting vidarefører TT-ordninga og vil arbeide for at ordninga vert nasjonal.

TALBUDSJETT

KVA	Inntekter	Utgifter
	2018	2018
POLITISKE ORGAN OG KONTROLLORGAN		
Reduksjon politiske organ	-110 000	
ØKONOMI OG ORGANISASJON		
Konsulentbruk	-3 000 000	
Effektivisering på drift	-15 000 000	
Mindre reiseaktivitet/auka bruk av videokonferansar	-2 000 000	

Trainee-stilling		500 000
OPPLÆRING OG HELSE		
Utvida musikktilbod Langhaugen VGS		500 000
Læremidlar yrkesfag - søkbar pott		4 000 000
Helsehjelp papirlause		300 000
Skulefrukost		2 500 000
MILJØ OG SAMFERDSEL		
Auka kollektivinntekter	-9 000 000	
Auka belønningsmidlar	-10 000 000	
Trygg skuleveg og punktutbetring		20 000 000
Auka ruteproduksjon kollektivtilbod region Vest		1 500 000
Auka ruteproduksjon kollektivtilbod/båt Nordhordland		1 500 000
Auke ruteproduksjon kollektivtilbod Sunnhordland/Hardanger/Voss		2 000 000
Auka ruteproduksjon Bergen		5 000 000
Planlegging båtruter		500 000
Ungdomskort auke med 1 år		6 000 000
Plastoppyrdding, søkbar pott		1 000 000
Takstfrys periodekort barn		800 000
Takstfrys ungdomskort		5 600 000
TANNHELSE		
Redusert auke kompetansesenter tannhelse	-1 500 000	
REGIONAL		
Reversering kutt regionråda		150 000
Deltaking partnerskap næringsliv/forskning innan grønt skifte		1 000 000
Koordinator reiseliv		600 000
NCE Maritime Cleantech		200 000
KULTUR OG IDRETT		
Ung Vest, auke		80 000
Edvard Grieg kor, reduksjon	-80 000	
Vestnorsk filmsenter, auke		100 000
Cornerteateret, auke		100 000
Kultur Vest, reduksjon	-200 000	
Lågterskel fysisk aktivitet barn og unge		300 000
Tilskot til NMF		100 000
Søkbar pott elitekorps brass og janitsjar		300 000
Museumsløftet		860 000
Tilskot "Fjordsteam" 2018		400 000
FELLES FUNKSJONAR		
Kraftinntekter	-15 000 000	
TOTALT	-55 890 000	55 890 000

INVESTERINGER		
Redusert fylkeskommunal andel til tunnelsikring (EU-direktiv)	-40 000 000	
Disposisjonsfondet	-5 000 000	
Carte blanche/BIT Teatergarasjen, lokale		5 000 000
Forsterking veg		30 000 000
Sikringstiltak tunnel (stein, ras og akuttiltak)		10 000 000
TOTALT	-kr 45 000 000,00	kr 45 000 000,00»

PS 106/17 Handlingsprogram 2018-2021. Kollektivstrategi for Hordaland

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2018-2021 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.11.2017

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Prosjektet Kråkenes/Bergveien utsetjast og vert ikkje prioritert i 2018. Jfr. punkt 4.6 «Av større tiltak kan nemnast: «Kråkenes/Bergveien – Tiltaket er prosjektert og grunnverv er gjennomført. Forventa byggjeart i 2018».»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Hammer sitt forslag fekk 3 røyster (SV, Frp) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2018-2021 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22. og 23.11.2017

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Prosjektet Kråkenes/Bergveien utsetjast og vert ikkje prioritert i 2018. Jfr. punkt 4.6 «Av større tiltak kan nemnast: «Kråkenes/Bergveien – Tiltaket er prosjektert og grunnverv er gjennomført. Forventa byggjeart i 2018».»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget. Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2018-2021 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Føyno i Stord kommune er eit knutepunkt i Sunnhordland.»

Pål Kårbø (KrF) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Ber fylkesrådmannen vurdere om det er mogeleg å få til ein tenleg korrespondanse mellom båt til/frå Nordhordland-Strandkaaien og til/frå Askøy-Strandkaaien.»

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag (a):

«4.2 Ny tekst

Grunnet høye kostnader vedrørende finansiering må det også vurderes alternative løsninger opp mot vidare utbygging av bybane.»

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt oversendingsforslag (b) til fylkesordføraren:

«Fylkestinget ber om at det blir gjort en vurdering om det skal gjennomføres en forvaltningsrevisjon av Skyss.

Spesielt fokus i revisjonen er om leveransen er slik en beskriver i kollektivstrategien og om brukerne sine behov blir fulgt opp i hele fylket.»

Røysting

Framnes sitt forslag (a) fekk 7 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Framnes sitt forslag (b) fekk 11 røyster (Frp, R, V) og vart difor ikkje oversendt.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2018-2021 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.
2. Føyno i Stord kommune er eit knutepunkt i Sunnhordland.

PS 107/17 Bybanen - vurdering av drift i eigenregi

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek rapporten *Bybanen – Eigenregi* til orientering.
2. Fylkestinget legg til grunn at konsernet som hovudregel skal konkurranseutsetja driftsoppgåvene, slik det vert gjort i kollektivdrifta elles i fylket, herunder ny operatøravtale.

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 28.11.2017

Steinseide, Andersen, Kjosås, Kvamme, Bjørkly, Tore Andersen og Kårbø hadde ordet under ordskiftet. Administrasjonen ved fylkesdirektør for økonomi og organisasjonsavdelinga; *Ingrid Holm Svendsen* redegjorde på vegne av fylkesrådmannen.

Roald Kvamme (A) la fram følgjande forslag på vegner av A og KrF:

«Tar saken til orientering.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 6 røyster mot 3 røyster (A, KrF) for Kvamme sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek rapporten *Bybanen – Egenregi* til orientering.
2. Fylkestinget legg til grunn at konsernet som hovudregel skal konkurranseutsetja driftsoppgåvene, slik det vert gjort i kollektivdrifta elles i fylket, herunder ny operatøravtale.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette på vegner av A, SV, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet tek saka til orientering.»

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette fram slik protokollmerknad:

«Arbeiderpartiet registrerar at dei tilsette sine representantar støttar rådmannen sitt forslag i saka. Arbeiderpartiet registrerar vidare at dei tilsette sine representantar meiner at konsernet som hovudregel skal konkurranseutsetje drifta.»

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget tek rapporten *Bybanen - egenregi* til orientering.
2. Fylkestinget legg til grunn at drift og vedlikehald av bybanen vert gjort i eigen regi, gjennom ein konsernmodell. På grunn av gjeldande avtale med Stadler vil eigen regi på vognvedlikehald først kunne realiserast når gjeldande avtale går ut i 2026.
3. Fylkesrådmannen får ansvar for å førebu ein slik overgang, mellom anna mogleg verksemdoverdraging av tilsette i dagens Keolis.»

Gustav Bahus (Frp) sette fram slikt forslag:

«Endring i punkt 2:

«... som hovudregel...» i første linje vert stroken.»

Røysting

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Bahus sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Rasmussen sitt forslag fekk 10 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Protokollmerknad frå A

Arbeiderpartiet registrerar at dei tilsette sine representantar støttar rådmannen sitt forslag i saka.

Arbeiderpartiet registrerar vidare at dei tilsette sine representantar meiner at konsernet som hovudregel skal konkurranseutsetje drifta.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017

Mona Røsvik Strømme (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Bybanen AS. Strømme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Mona Røsvik Strømme gjekk frå under behandlinga av saka. Stein Inge Ryssdal møtte for Strømme i saka.

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

1. «Fylkestinget tek rapporten *Bybanen – Egenregi* til orientering.
2. Fylkestinget legg til grunn at konsernet som hovudregel skal konkurranseutsetja driftsoppgåvene, slik det vert gjort i kollektivdrifta elles i fylket, herunder ny operatøravtale.»

Røysting

Bjørkly sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Innstillinga fekk 9 røyster (MDG, SV, KrF, Sp, A) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Mona Røsvik Strømme (H) og Tor André Ljosland (KrF) stilte spørsmål om dei var inhabile fordi dei er styremedlemmer i Bybanen AS. Kari Foseid Aakre (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho har møtt som vara i styret for Bybanen AS.

Strømme, Ljosland og Aakre gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme, Tor André Ljosland og Kari Foseid Aakre var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Mona Røsvik Strømme, Tor André Ljosland og Kari Foseid Aakre gjekk frå under behandlinga av saka. Gunnar Moland møtte for Strømme i saka. Kristian Helland møtte for Ljosland.

Det var 56 representantar til stades.

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

1. «Fylkestinget tek rapporten *Bybanen – Egenregi* til orientering.
2. Fylkestinget legg til grunn at konsernet som hovudregel skal konkurranseutsetja driftsoppgåvene, slik det vert gjort i kollektivdrifta elles i fylket, herunder ny operatøravtale.»

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, SV og R fram slikt forslag:

1. «Fylkestinget tek rapporten *Bybanen – Egenregi* til orientering.
2. Fylkestinget konstaterer at det gjennom rapporten «*Bybanen – Egenregi*» vert gjort klart at det er fullt mogleg å ta driftsoppgåvene attende i eigen regi.
3. Fylkestinget ber om at det vert lagt til rette for at ein gjennom den nye konsernmodellen gjer det mogeleg å ta driftsoppgåver attende i eigen regi i framtida.
4. Ein føreset at Bybanen AS ved styret gjennomfører dei naudsynte endringane slik at selskapet er klar til å overta oppgåver frå og med 2019.»

Arvid Borgen (R) sette fram slikt forslag:

«Ved alle nye anbud i samferdselssektoren stilles det som krav at de ansatte får en god ytelsespensjon.»

Røysting

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Bjørkly sitt forslag fekk 33 røyster (H, Frp, KrF, Sp, V, MDG) og vart vedteke.

Kvamme sitt forslag fekk 23 røyster (A, SV, R) og fall.

Borgen sitt forslag fekk 2 røyster (R, 1MDG) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget tek rapporten *Bybanen – Egenregi* til orientering.
2. Fylkestinget legg til grunn at konsernet som hovudregel skal konkurranseutsetja driftsoppgåvene, slik det vert gjort i kollektivdrifta elles i fylket, herunder ny operatøravtale.

PS 108/17 Handlingsprogram Miljøløftet 2018 - 21

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget sluttar seg til Handlingsprogram Miljøløftet 2018 - 2021.
2. Fylkestinget legg til grunn at innkjøp av bybanevogner vert finansiert gjennom Miljøløftet.
3. Fylkestinget legg til grunn at meirkostnadar knytt til styrking av ruteproduksjonen for kollektivtrafikken føreset finansiering over Miljøløftet.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

4. Endehaldeplass Øvre Kråkenes vert utsett og vert ikkje gjennomført i 2018.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).

Hammer sitt forslag fekk 4 røyster (SV, Frp, V) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget sluttar seg til Handlingsprogram Miljøløftet 2018 - 2021.
2. Fylkestinget legg til grunn at innkjøp av bybanevogner vert finansiert gjennom Miljøløftet.
3. Fylkestinget legg til grunn at meirkostnadar knytt til styrking av ruteproduksjonen for kollektivtrafikken føreset finansiering over Miljøløftet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget er urolig over de konsekvenser økningen bruken av bompenger vil ha for næringsutvikling og pendlere. Fylkestinget kan ut fra dette ikke gi sin tilslutning til handlingsprogrammet.

Fylkestinget ber om at det settes fokus på rimeligere miljøvennlige alternativer, slik som superbusser elbusser og trolleybusser og vil finne det ikke finansielt forsvarlig å fortsette utbygging av bybanen.

Fylkestinget vil presisere at den fylkeskommunale kostnaden må finansieres av fylkeskommunen og ikke belastes de som ikke har nytte av bruken.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Stenseide sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«(a)Tillegg:

4. Endehaldeplass Øvre Kråkenes vert utsett og vert ikkje gjennomført i 2018. Det må likevel sjåast på fasilitetar for bussjåførar.

(b) Nytt punkt:

Hordaland fylkeskommune ser køfritt kollektivtilbod som avgjerande for auka overgang frå bilbruk til kollektivtransport, og ønskjer derfor å omprioritere vegkapasitet til fordel for bybane i eigen trasé og kollektivfelt. Det må sikrast kollektivfelt, og dermed køfri kollektivtransport, på alle innfartsårer til Bergen.

(c) Nytt punkt:

Minst 70 % statlig finansiering av byvekstavtalen for Bergensområdet. Både bybana til Fyllingsdalen og Åsane må sikrast midlar i ny NTP.»

Røysting

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).

Oen sitt forslag (a) fekk tre røyster (SV, MDG, V) og fall.

Oen sitt forslag (b) og (c) fekk 10 røyster (SV, V, MDG, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget sluttar seg til Handlingsprogram Miljøløftet 2018 - 2021.
2. Fylkestinget legg til grunn at innkjøp av bybanevogner vert finansiert gjennom Miljøløftet.
3. Fylkestinget legg til grunn at meirkostnader knytt til styrking av ruteproduksjonen for kollektivtrafikken føreset finansiering over Miljøløftet.
4. Hordaland fylkeskommune ser køfritt kollektivtilbod som avgjerande for auka overgang frå bilbruk til kollektivtransport, og ønskjer derfor å omprioritere vegkapasitet til fordel for bybane i eigen trasé og kollektivfelt. Det må sikrast kollektivfelt, og dermed køfri kollektivtransport, på alle innfartsårer til Bergen.
5. Minst 70 % statlig finansiering av byvekstavtalen for Bergensområdet. Både bybana til Fyllingsdalen og Åsane må sikrast midlar i ny NTP.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Roald Stenseide (FrP) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget er positiv til miljøtiltak som resulterer i renere luft og bidrar til et bedre miljø i Bergen.

Fylkestinget er urolig over de konsekvenser økningen bruken av bompenger vil ha for næringsutvikling og pendlerne.

Fylkestinget ber om at det settes fokus på rimeligere miljøvennlige alternativer, slik som superbusser elbusser og trolleybusser.

Fylkestinget vil presisere at den fylkeskommunale kostnaden bør finansieres av fylkeskommunen og ikke belastes de som ikke har nytte av bruken.»

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

4. Endehaldeplass Øvre Kråkenes vert utsett og vert ikkje gjennomført i 2018. Det må likevel sjåast på fasilitetar for bussjåførar.»

Røysting

Innstillinga punkt 1-3 vart vedteken med 50 røyster mot 7 røyster (Frp) for Stenseide sitt forslag.

Innstillinga punkt 4 og 5 vart vedteken mot 19 røyster (Frp, H).

Hammer sitt forslag fekk 7 røyster (SV, V, MDG) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget sluttar seg til Handlingsprogram Miljøløftet 2018 - 2021.
2. Fylkestinget legg til grunn at innkjøp av bybanevogner vert finansiert gjennom Miljøløftet.
3. Fylkestinget legg til grunn at meirkostnadar knytt til styrking av ruteproduksjonen for kollektivtrafikken føreset finansiering over Miljøløftet.
4. Hordaland fylkeskommune ser køfritt kollektivtilbod som avgjerande for auka overgang frå bilbruk til kollektivtransport, og ønskjer derfor å omprioritere vegkapasitet til fordel for bybane i eigen trasé og kollektivfelt. Det må sikrast kollektivfelt, og dermed køfri kollektivtransport, på alle innfartsårer til Bergen.
5. Minst 70 % statlig finansiering av byvekstavtalen for Bergensområdet. Både bybana til Fyllingsdalen og Åsane må sikrast midlar i ny NTP.

PS 109/17 Handlingsprogram 2018-23 (2029) til Nasjonal transportplan - Høyringsfråsegn

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til at Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune har mange felles prosjekt og interesser, og meiner at handlingsprogramma til samferdselsetatane i framtida i lang tid større utstrekning må utformast som ein dialogprega prosess med fylkeskommunane.
2. Fylkestinget registrerer at det kan vere mogleg å starte opp prosjekta E16 Arna-Trengereid, E134 Seljestadtunnelen og E39 Stord-Os (Hordfast) ved bruk av bompengelån. Fylkestinget ber om at det vert lagt vekt på framdrift i planprosessane, slik at oppstart kan skje i første periode. Særleg hastar det med oppstart for E16 Arna- Stanghelle. Det er også viktig å få starta opp arbeidet på E134 Seljestadtunnelen. Fylkestinget er samd i at oppstart av E39 Stord-Os krev monalege kostnadsreduksjonar før det er aktuelt med oppstart.
3. Tunnelane på eksisterande strekning E16 Arna- Stanghelle må rustast opp i tråd med tunnelsikkerheitsforskriften om vegen blir omklassifisert til fylkesveg.
4. Fylkestinget ber om at det i løpet av handlingsplanperioden 2018-23 vert starta opp planarbeid på strekninga E16 Stanghelle – Voss.
5. Det er positivt at det er starta opp planarbeid for Ringveg øst og at dette arbeidet har stor prioritet. Fylkestinget viser til at E39 Vågsbotn – Klauvaneset har lågare standard, høgare trafikk og større utviklingsproblem enn E16 Arna-Vågsbotn, og meiner at denne strekninga må ha høgare prioritet. Det er også behov for strakstiltak for å betre trafikksikkerheit og kollektivprioritering på denne strekninga. Det kan vere aktuelt både å nytte midlar gjennom Miljøløftet, og programområdemidlar til gang- og sykkelveg, TS-midlar og kollektivmidlar. Særleg vil fylkestinget peike på behovet for kollektivprioritering på strekninga.
6. Fylkestinget er nøgd med at det vert satsa på tunneltryggleik i perioden. Det er samstundes sterkt ottefullt at det fører til at vedlikehaldsetterslepet aukar på andre delar av riksvegnettet.

Dette er særst uheldig, og særleg uheldig om Hordaland får eit større etterslep enn resten av landet grunna at det er naudsynt å prioritere dei mange tunnelane i fylket. Det bør vurderast om ein bør utsetje delar av tunneloppgraderinga for å unngå eit for stort forfall på resten av vegnettet.

7. I samband med stengingar ved oppgraderingar på fire-felts tunnelane på E39 gjennom Bergen må det leggjast opp til to-vegs omkøyning i eit tunnellop. Særleg er dette viktig for Fløyfjellstunnelen og Eidsvågtunnelen, der dei aktuelle omkøyringsvegane ikkje har kapasitet til å ta imot trafikken sjølv på tidspunkt med låg trafikk.
8. Dei strekningsvise midlane på Rv7 kom som oppfølging av KVVU for strekninga Gol-Voss, der Regjeringa i etterkant vedtok at Rv7 skulle vere hovudveg for persontrafikk og reiseliv mellom aust og vest. Fylkestinget er på dette grunnlag kritisk til at midlane er føreslått til utbetring av Rv7 langsetter Krøderen. Ut i frå føremålet med desse midlane bør dei flyttast til tiltak på høgfjellstrekninga over Hardangervidda for å sikre vinterregulariteten og trafikktryggleik.
9. Fylkestinget er særleg uroa over den låge delen av skredsikringsprosjekt på riksvegnettet i fylket. Fylket har stor risiko for skred, det gir stor risiko og utryggleik, og det er få og lange omkøyringsvegar med tilhøyrande sårbarheit ved hendingar.
10. Fylkestinget er nøgd med at Hordaland får meir midlar til skredsikring på fylkesveg enn fylkes der Hordaland fylkeskommune i førre NTP-periode har fått ein låg del av skredsikringsmidlane. Midlane er likevel på langt nær tilstrekkelege for å dekkje behovet på fylkesvegnettet i fylket.
11. Fylkestinget viser til dei store trafikkale utfordringane som har vore på Rv13 i sommar, og meiner at utbetningsarbeidet på strekninga Kinsarvik-Kyrkjeneset må framskundast med oppstart 2018/19.
12. Fylkestinget vil vise til at situasjonen ved Bu ved Hardangerbrua like ved Rv13/Rv9 har vore ganske kritisk i turistsesongen dei siste par åra både når det gjeld toalettsituasjonen og parkeringsplassar for turistbussar. Dette området bør ha fasilitetar som er kan dekkje servicetilbodet for turistar og andre reisande. Det visast til at fylkeskommunen gjennomfører eit prosjekt som ser på reiseliv og infrastruktur, og ønskjer eit samarbeid med Statens Vegvesen om tiltak i oppfølginga av dette prosjektet.
13. Fylkestinget ber om at det vert omprioritert midlar til kollektivknutepunkt i Odda som eit spleiselag mellom kommune, fylkeskommune og staten. Det er også aktuelt for kollektivknutepunkt som er under planlegging på Osøyro, Leirvik og Knarvik. Alle desse kollektivknutepunkta blir betente av fylkeskryssande bussruter.
14. Regional transportplan 2018-29 legg opp til å prioritere hovudruter for sykkel og ruter knytt til skule og tilbod for barn og unge ved regionale sentra. Det er vidare lagt opp til å prioritere skulevegar for barn og unge. Aktuelt tiltak er t.d. utbygging av gang- og sykkeløysing over Hagelsundbrua mellom Flatøy og Knarvik. Andre regionale sentra som Odda treng også gang- og sykkelveg gjennom sentrum. Fylkestinget ber difor om at det i større mon blir lagt inn midlar til tiltak i tilknytning til dette framfor tiltak på riksvegar utan skular og samanhengande gang- og sykkelvegar mot senterområde.
15. Innan strekningsvise utbetningar av kollektivtiltak er det særleg grunn til å prioritere haldeplassar i tilknytning til skular og senterområde samt andre målpunkt for born og unge som t.d. idrettsanlegg og kulturhus. Fylkestinget føreset at dette blir gjort i samarbeid med Skyss.
16. Fylkestinget ber om at Statens Vegvesen innan løyvinga til ITS bidreg til å finansiere utvikling av løysingar innan kombinert mobilitet, der kollektivtransport er basis i ein heilskap som også inneheld mellom anna bildeling, bysyklar, drosjer, sykling og «on demand»-tenester som autonome køyretøy. Hordaland fylkeskommune ved Skyss vil gjerne bidra i utvikling av løysingar.
17. Avfuktingsanlegg for berekablar på Stordabrua bør sjåast i samanheng med tilsvarande jobb på Bømlabrua på Fv 542, t.d. gjennom felles entrepriser.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017

Fylkesutvalet slutta seg til **Atle Kvåle (A)** sitt framlegg om at «E134 Seljestadtunnelen» vert endra til «E134 Røldal - Seljestad» (jf. punkt 2).

Atle Kvåle (A) sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2:

Vidare ber fylkestinget om at dei ulike korridor-alternativa for arm til Bergen frå E134 snarast blir greidd ut gjennom ein KVV slik det blei tilrådd av Statens vegvesen i aust-vest-utgreiinga.»

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag:

«Innstillinga punkt 2:

Stryke dei tre siste setningane frå Særleg ...»

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«(a) Stryk punkt 2:

(b) Nytt punkt:

Fylkestinget meiner det er viktig med samtidig utbygging for K5 alternativet, Arna- Stanghelle. Fylkestinget ber om at det vert lagt vekt på framdrift i planprosessane, slik at oppstart kan skje i første periode.

(c) Nytt punkt:

Det er også viktig å få starta opp arbeidet på E134 Røldal - Seljestad.

(d) Nytt punkt:

Fylkestinget meiner Hordfast er i strid med vedtekne regionale og nasjonale klimamål, og ber departementet om å stogga all planlegging av fjordkryssing av Bjørnafjorden i samband med E39 Hordfast.

(e) Alternativt punkt 4:

Fylkestinget ber om at det i løpet av handlingsplanperioden 2018-23 vert starta opp planarbeid på K5 Stanghelle - Voss.»

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 2, siste setning:

Stryk ordet «monalege»».

Stein Inge Ryssdal (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 7:

I samband med stengingar for oppgraderingar på fire-felts tunnelane på E39 gjennom Bergen bør det vurderast to-vegs køyring i eit tunneløp. Særleg er dette aktuelt for Fløyfjellstunnelen og Eidsvågtunnelen, der omkøyringsvegane ikkje har kapasitet til å ta imot trafikken sjølv på tidspunkt med låg trafikk.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag (a) om punkt 2 fekk 4 røyster (SV, MDG, Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2, dei to første setningane, fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, V, Frp, H) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Byrknes sitt forslag punkt 2 fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, V, Frp, H) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2, dei tre siste setningane, vart vedteke med 9 røyster mot 6 røyster (H, Frp, V) for Halleraker sitt forslag punkt 2.

Kvåle sitt forslag punkt 2 fekk 14 røyster (A, Sp, KrF, V, MDG, Frp, H) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag (b) fekk 3 røyster (SV, MDG, KrF) og fall.

Hammer sitt forslag (c) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Hammer sitt forslag (d) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 10 røyster mot 5 røyster (SV, MDG, Sp, KrF) for Hammer sitt forslag (e) punkt 4.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 og 6 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Ryssdal sitt forslag punkt 7 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 7.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 8-17 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget viser til at Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune har mange felles prosjekt og interesser, og meiner at handlingsprogramma til samferdselsetatane i framtida i langt større utstrekning må utformast som ein dialogprega prosess med fylkeskommunane.
2. Fylkestinget registrerer at det kan vere mogleg å starte opp prosjekta E16 Arna - Trengereid, E134 Røldal - Seljestad og E39 Stord - Os (Hordfast) ved bruk av bompengelån. Fylkestinget ber om at det vert lagt vekt på framdrift i planprosessane, slik at oppstart kan skje i første periode. Særleg hastar det med oppstart for E16 Arna - Stanghelle. Det er også viktig å få starta opp arbeidet på E134 Røldal - Seljestad. Fylkestinget er samd i at oppstart av E39 Stord - Os krev kostnadsreduksjonar før det er aktuelt med oppstart. Vidare ber fylkestinget om at dei ulike korridor-alternativa for arm til Bergen frå E134 snarast blir greidd ut gjennom ein KVU slik det blei tilrådd av Statens vegvesen i aust-vest-utgreiinga.
3. Tunnelane på eksisterande strekning E16 Arna - Stanghelle må rustast opp i tråd med tunnelsikkerhetsforskriften om vegen blir omklassifisert til fylkesveg.
4. Fylkestinget ber om at det i løpet av handlingsplanperioden 2018-23 vert starta opp planarbeid på strekninga E16 Stanghelle - Voss.
5. Det er positivt at det er starta opp planarbeid for Ringveg øst og at dette arbeidet har stor prioritet. Fylkestinget viser til at E39 Vågsbotn - Klauvaneset har lågare standard, høgare trafikk og større avviklingsproblem enn E16 Arna-Vågsbotn, og meiner at denne strekninga må ha høgare prioritet. Det er også behov for strakstiltak for å betre trafikksikkerheit og kollektivprioritering på denne strekninga. Det kan vere aktuelt både å nytte midlar gjennom Miljøløftet, og programområdemidlar til gang- og sykkelveg, TS-midlar og kollektivmidlar. Særleg vil fylkestinget peike på behovet for kollektivprioritering på strekninga.
6. Fylkestinget er nøgd med at det vert satsa på tunneltryggleik i perioden. Det er samstundes sterkt ottefullt at det fører til at vedlikehaldsetterslepet aukar på andre delar av riksvegnettet. Dette er særst uheldig, og særleg uheldig om Hordaland får eit større etterslep enn resten av landet grunna at det er naudsynt å prioritere dei mange tunnelane i fylket. Det bør vurderast om ein bør utsetje delar av tunneloppgraderinga for å unngå eit for stort forfall på resten av vegnettet.
7. I samband med stengingar for oppgraderingar på fire-felts tunnelane på E39 gjennom Bergen bør det vurderast to-vegs køyring i eit tunnelløp. Særleg er dette aktuelt for Fløyfjellstunnelen og Eidsvågtunnelen, der omkøyringsvegane ikkje har kapasitet til å ta imot trafikken sjølv på tidspunkt med låg trafikk.
8. Dei strekningsvise midlane på Rv7 kom som oppfølging av KVU for strekninga Gol - Voss, der Regjeringa i etterkant vedtok at Rv7 skulle vere hovudveg for persontrafikk og reiseliv mellom aust og vest. Fylkestinget er på dette grunnlag kritisk til at midlane er føreslått til utbetring av Rv7 langsetter Krøderen. Ut i frå føremålet med desse midlane bør dei flyttast til tiltak på høg fjellstrekninga over Hardangervidda for å sikre vinterregulariteten og trafikktryggleik.
9. Fylkestinget er særleg uroa over den låge delen av skredsikringsprosjekt på riksvegnettet i fylket. Fylket har stor risiko for skred, det gir stor risiko og utryggleik, og det er få og lange omkøyringsvegar med tilhøyrande sårbarheit ved hendingar.

10. Fylkestinget er nøgd med at Hordaland får meir midlar til skredsikring på fylkesveg enn fylkes der Hordaland fylkeskommune i førre NTP-periode har fått ein låg del av skredsikringsmidlane. Midlane er likevel på langt nær tilstrekkelege for å dekkje behovet på fylkesvegnettet i fylket.
11. Fylkestinget viser til dei store trafikkale utfordringane som har vore på Rv13 i sommar, og meiner at utbetringsarbeidet på strekninga Kinsarvik-Kyrkjeneset må framskundast med oppstart 2018/19.
12. Fylkestinget vil vise til at situasjonen ved Bu ved Hardangerbrua like ved Rv13/Rv9 har vore ganske kritisk i turistsesongen dei siste par åra både når det gjeld toalettsituasjonen og parkeringsplassar for turistbussar. Dette området bør ha fasilitetar som er kan dekkje servicetilbodet for turistar og andre reisande. Det visast til at fylkeskommunen gjennomfører eit prosjekt som ser på reiseliv og infrastruktur, og ønskjer eit samarbeid med Statens Vegvesen om tiltak i oppfølginga av dette prosjektet.
13. Fylkestinget ber om at det vert omprioritert midlar til kollektivknutepunkt i Odda som eit spleiselag mellom kommune, fylkeskommune og staten. Det er også aktuelt for kollektivknutepunkt som er under planlegging på Osøyro, Leirvik og Knarvik. Alle desse kollektivknutepunkta blir betente av fylkeskryssande bussruter.
14. Regional transportplan 2018-29 legg opp til å prioritere hovudruter for sykkel og ruter knytt til skule og tilbod for barn og unge ved regionale sentra. Det er vidare lagt opp til å prioritere skulevegar for barn og unge. Aktuelt tiltak er t.d. utbygging av gang- og sykkelløysing over Hagelsundbrua mellom Flatøy og Knarvik. Andre regionale sentra som Odda treng også gang- og sykkelveg gjennom sentrum. Fylkestinget ber difor om at det i større mon blir lagt inn midlar til tiltak i tilknytning til dette framfor tiltak på riksvegar utan skular og samanhengande gang- og sykkelvegar mot senterområde.
15. Innan strekningsvise utbetringar av kollektivtiltak er det særleg grunn til å prioritere haldeplassar i tilknytning til skular og senterområde samt andre målpunkt for born og unge som t.d. idrettsanlegg og kulturhus. Fylkestinget føreset at dette blir gjort i samarbeid med Skyss.
16. Fylkestinget ber om at Statens Vegvesen innan løyvinga til ITS bidreg til å finansiere utvikling av løysingar innan kombinert mobilitet, der kollektivtransport er basis i ein heilskap som også inneheld mellom anna bildeling, bysyklar, drosjer, sykling og «on demand»-tenester som autonome køyretøy. Hordaland fylkeskommune ved Skyss vil gjerne bidra i utvikling av løysingar.
17. Avfuktingsanlegg for berekablar på Stordabrua bør sjåast i samanheng med tilsvarande jobb på Bømlabrua på Fv 542, t.d. gjennom felles entrepriser.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017

Nils-Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag:

«Punkt 2:

Stryk frå «Særleg hastar det» (fram til) «aktuelt med oppstart»..»

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«(a) Stryk punkt 2:

(b) Nytt punkt:

Fylkestinget meiner det er viktig med samtidig utbygging for K5 alternativet, Arna- Stanghelle. Fylkestinget ber om at det vert lagt vekt på framdrift i planprosessane, slik at oppstart kan skje i første periode.

(c) Nytt punkt:

Det er også viktig å få starta opp arbeidet på E134 Røldal - Seljestad.

(d) Nytt punkt:

Fylkestinget meiner Hordfast er i strid med vedtekne regionale og nasjonale klimamål, og ber departementet om å stogga all planlegging av fjordkryssing av Bjørnafjorden i samband med E39 Hordfast.

(e) Alternativt punkt 4:

Fylkestinget ber om at det i løpet av handlingsplanperioden 2018-23 vert starta opp planarbeid på K5 Stanghelle - Voss.»

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Punkt 5:

De to siste setningar utgår.»

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 9:

Fylkestinget ber departementet sørge for at det saman med første rullering av NTP vert laga ein nasjonal 12-års plan for sikring av riks- og fylkesvegnettet innan høg og middels skredfaktorgruppe.

Fylkestinget er særleg uroa over den låge delen av skredsikringsprosjekt på riksvegnettet i fylket. Fylket har stor risiko for skred, det gir stor utryggleik, og det er få og lange omkøyringsvegar med tilhøyrande sårbarheit ved hendingar.

Alternativ til punkt 10:

Fylkestinget er nøgd med at Hordaland får meir midlar til skredsikring på fylkesveg. Midlane er likevel på langt nær tilstrekkelege for å dekkje behovet.

For å unngå unødig utsetting av sikringstiltak, og derav mindreforbruk på kap. 1320 post 62, «tilskot til skredsikring på fylkesvegnettet» må departementet gje tilsagn om tilskot til fylket tidleg i 2018.»

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag:

«Nye punkt:

1. Fylkestinget vil understreka nasjonale og regionale målsettingar for å redusera klimautslepp og ivareta miljø- og naturmangfald og kulturminne, herunder også mål om nullvekst av personbiltrafikken i Bergensområdet. Fylkestinget har i høyringsfråsegner til dei store riksvegprosjekta understreka desse målsettingane med konkrete forslag til tiltak og forventar at dette vert tatt omsyn til i det vidare arbeidet med omsyn til auka satsing på kollektivtrafikk, avgrensing av trafikkvekst, nye tekniske løysingar samt val av trasear og dimensjonering av desse.
2. Fylkestinget vil peika på den aukande bruken av bompengefinansiering på nye riks- og fylkesvegprosjekter og fylkeskommunen sitt ansvar for å stilla naudsynte garantiar for finansiering av bompengelån. Med dei planar som ligg føre i denne og neste planperiode har garantiansvaret fått eit omfang som fylkeskommunen ikkje lenger kan bera ansvaret for. Fylkestinget vil oppmoda om at ansvaret for bompengefinansiering av riksvegar vert å overføra til staten.»

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag (a) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Innstillinga punkt 2, setning 1 og 2 fekk 13 røyster A, Sp, KrF, V, Frp og H og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

Aadland sitt forslag punkt 2 (stryke setning 3, 4 og 5) fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Innstillinga punkt 2 (setning 3, 4 og 5) fekk 7 røyster (A, Sp, KrF) og fall.

Innstillinga punkt 2, setning 6 fekk 13 røyster A, Sp, KrF, V, Frp og H og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag (e) punkt 4 fekk 3 røyster (SV, MDG, KrF) og fall.

Innstillinga punkt 4 fekk 12 røyster (A, Sp, V, Frp, H) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

Framnes sitt forslag punkt 5 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga punkt 5 fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG, V, H) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 6-8 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Bondhus sitt forslag punkt 9 fekk 9 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 9 fekk 6 røyster (V, H, Frp) og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 10 fekk 9 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 10 fekk 6 røyster (V, H, Frp) og fall.

Innstillinga punkt 11-17 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag (b) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Oen sitt forslag (c) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Oen sitt forslag (d) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Kvamme sitt forslag 1 fekk 9 røyster (A, Sp, KrF, SV og MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Kvamme sitt forslag 2 fekk 12 røyster (A, Sp, KrF, SV og MDG, V, Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget viser til at Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune har mange felles prosjekt og interesser, og meiner at handlingsprogramma til samferdselsetatane i framtida i langt større utstrekning må utformast som ein dialogprega prosess med fylkeskommunane.
2. Fylkestinget registrerer at det kan vere mogleg å starte opp prosjekta E16 Arna - Trengereid, E134 Røldal - Seljestad og E39 Stord - Os (Hordfast) ved bruk av bompengelån. Fylkestinget ber om at det vert lagt vekt på framdrift i planprosessane, slik at oppstart kan skje i første periode. Vidare ber fylkestinget om at dei ulike korridor-alternativa for arm til Bergen frå E134 snarast blir greidd ut gjennom ein KVVU slik det blei tilrådd av Statens vegvesen i aust-vest-utgreiinga.
3. Tunnelane på eksisterande strekning E16 Arna - Stanghelle må rustast opp i tråd med tunnelsikkerhetsforskrifta om vegen blir omklassifisert til fylkesveg.
4. Fylkestinget ber om at det i løpet av handlingsplanperioden 2018-23 vert starta opp planarbeid på strekninga E16 Stanghelle - Voss.
5. Det er positivt at det er starta opp planarbeid for Ringveg øst og at dette arbeidet har stor prioritet. Fylkestinget viser til at E39 Vågsbotn - Klauvaneset har lågare standard, høgare trafikk og større avviklingsproblem enn E16 Arna-Vågsbotn, og meiner at denne strekninga må ha høgare prioritet. Det er også behov for strakstiltak for å betre trafikksikkerheit og kollektivprioritering på denne strekninga. Det kan vere aktuelt både å nytte midlar gjennom Miljøløftet, og programområdemidlar til gang- og sykkelveg, TS-midlar og kollektivmidlar. Særleg vil fylkestinget peike på behovet for kollektivprioritering på strekninga.
6. Fylkestinget er nøgd med at det vert satsa på tunneltryggleik i perioden. Det er samstundes sterkt ottefullt at det fører til at vedlikehaldsetterslepet aukar på andre delar av riksvegnettet. Dette er særst uheldig, og særleg uheldig om Hordaland får eit større etterslep enn resten av landet grunna at det er naudsynt å prioritere dei mange tunnelane i fylket. Det bør vurderast om ein bør utsetje delar av tunneloppgraderinga for å unngå eit for stort forfall på resten av vegnettet.
7. I samband med stengingar for oppgraderingar på fire-felts tunnelane på E39 gjennom Bergen bør det vurderast to-vegs køyring i eit tunnellop. Særleg er dette aktuelt for Fløyfjellstunnelen og Eidsvågntunnelen, der omkøyringsvegane ikkje har kapasitet til å ta imot trafikken sjølv på tidspunkt med låg trafikk.
8. Dei strekningsvise midlane på Rv7 kom som oppfølging av KVVU for strekninga Gol - Voss, der Regjeringa i etterkant vedtok at Rv7 skulle vere hovudveg for persontrafikk og reiseliv mellom aust og vest. Fylkestinget er på dette grunnlag kritisk til at midlane er føreslått til utbetring av Rv7

langsetter Krøderen. Ut i frå føremålet med desse midlane bør dei flyttast til tiltak på høgjfjellstrekninga over Hardangervidda for å sikre vinterregulariteten og trafikktryggleik.

9. Fylkestinget ber departementet sørge for at det saman med første rullering av NTP vert laga ein nasjonal 12-års plan for sikring av riks- og fylkesvegnettet innan høg og middels skredfaktorgruppe.

Fylkestinget er særleg uroa over den låge delen av skredsikringsprosjekt på riksvegnettet i fylket. Fylket har stor risiko for skred, det gir stor utryggleik, og det er få og lange omkøyingsveggar med tilhøyrande sårbarheit ved hendingar.

10. Fylkestinget er nøgd med at Hordaland får meir midlar til skredsikring på fylkesveg. Midlane er likevel på langt nær tilstrekkelege for å dekkje behovet.

For å unngå unødig utsetting av sikringstiltak, og derav mindreforbruk på kap. 1320 post 62, «tilskot til skredsikring på fylkesvegnettet» må departementet gje tilsagn om tilskot til fylket tidleg i 2018.

11. Fylkestinget viser til dei store trafikkale utfordringane som har vore på Rv13 i sommar, og meiner at utbetringsarbeidet på strekninga Kinsarvik-Kyrkjeneset må framskundast med oppstart 2018/19.

12. Fylkestinget vil vise til at situasjonen ved Bu ved Hardangerbrua like ved Rv13/Rv9 har vore ganske kritisk i turistsesongen dei siste par åra både når det gjeld toalettsituasjonen og parkeringsplassar for turistbussar. Dette området bør ha fasilitetar som er kan dekkje servicetilbodet for turistar og andre reisande. Det visast til at fylkeskommunen gjennomfører eit prosjekt som ser på reiseliv og infrastruktur, og ønskjer eit samarbeid med Statens Vegvesen om tiltak i oppfølginga av dette prosjektet.

13. Fylkestinget ber om at det vert omprioritert midlar til kollektivknutepunkt i Odda som eit spleiselag mellom kommune, fylkeskommune og staten. Det er også aktuelt for kollektivknutepunkt som er under planlegging på Osøyro, Leirvik og Knarvik. Alle desse kollektivknutepunkta blir betente av fylkeskryssande bussruter.

14. Regional transportplan 2018-29 legg opp til å prioritere hovudruter for sykkel og ruter knytt til skule og tilbod for barn og unge ved regionale sentra. Det er vidare lagt opp til å prioritere skuleveggar for barn og unge. Aktuelt tiltak er t.d. utbygging av gang- og sykkelløysing over Hagelsundbrua mellom Flatøy og Knarvik. Andre regionale sentra som Odda treng også gang- og sykkelveg gjennom sentrum. Fylkestinget ber difor om at det i større mon blir lagt inn midlar til tiltak i tilknytning til dette framfor tiltak på riksveggar utan skular og samanhengande gang- og sykkelveggar mot senterområde.

15. Innan strekningsvise utbetringar av kollektivtiltak er det særleg grunn til å prioritere haldeplassar i tilknytning til skular og senterområde samt andre målpunkt for born og unge som t.d. idrettsanlegg og kulturhus. Fylkestinget føreset at dette blir gjort i samarbeid med Skyss.

16. Fylkestinget ber om at Statens Vegvesen innan løyvinga til ITS bidreg til å finansiere utvikling av løysingar innan kombinert mobilitet, der kollektivtransport er basis i ein heilskap som også inneheld mellom anna bildeling, bysyklar, drosjer, sykling og «on demand»-tenester som autonome køyretøy. Hordaland fylkeskommune ved Skyss vil gjerne bidra i utvikling av løysingar.

17. Avfuktingsanlegg for berekablur på Stordabrua bør sjåast i samheng med tilsvarande jobb på Bømlabrua på Fv 542, t.d. gjennom felles entrepriser.

18. Fylkestinget vil understreka nasjonale og regionale målsettingar for å redusera klimautslepp og ivareta miljø- og naturmangfald og kulturminne, herunder også mål om nullvekst av personbiltrafikken i Bergensområdet. Fylkestinget har i høyringsfråsegner til dei store riksvegprosjekta understreka desse målsettingane med konkrete forslag til tiltak og forventar at dette vert tatt omsyn til i det vidare arbeidet med omsyn til auka satsing på kollektivtrafikk, avgrensing av trafikkvekst, nye tekniske løysingar samt val av trasear og dimensjonering av desse.

19. Fylkestinget vil peika på den aukande bruken av bompengefinansiering på nye riks- og fylkesvegprosjekter og fylkeskommunen sitt ansvar for å stilla naudsynte garantiar for finansiering av bompengelån. Med dei planar som ligg føre i denne og neste planperiode har garantiansvaret fått eit omfang som fylkeskommunen ikkje lenger kan bera ansvaret for. Fylkestinget vil oppmoda om at ansvaret for bompengefinansiering av riksveggar vert å overføra til staten.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 2:

Særleg hastar det med oppstart for E16 Arna - Stanghelle. Det er også viktig å få starta opp arbeidet på E134 Røldal - Seljestad.

Fylkestinget syner til føresetnaden om kostnadsreduksjonar av E39 Stord - Os som ligg i NTP før det er aktuelt med oppstart av prosjektet.»

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«(a) Stryk punkt 2:

(b) Nytt punkt:

Fylkestinget meier det er viktig med samtidig utbygging for K5 alternativet, Arna- Stanghelle. Fylkestinget ber om at det vert lagt vekt på framdrift i planprosessane, slik at oppstart kan skje i første periode.

(c) Nytt punkt:

Det er også viktig å få starta opp arbeidet på E134 Røldal - Seljestad.

(d) Nytt punkt:

Fylkestinget meiner Hordfast er i strid med vedtekne regionale og nasjonale klimamål, og ber departementet om å stogga all planlegging av fjordkryssing av Bjørnafjorden i samband med E39 Hordfast.

(e) Alternativt punkt 4:

Fylkestinget ber om at det i løpet av handlingsplanperioden 2018-23 vert starta opp planarbeid på K5 Stanghelle - Voss.»

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

«2 siste setninger strykes.»

Askeland trekte forslaget sitt.

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av H, Frp, V, A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2 (a):

Fylkestinget ber om at det vert lagt vekt på rask framdrift i planprosessane for prosjekta E16 Arna - Trengereid, E134 Røldal - Seljestad og E39 Stord - Os (Hordfast), slik at oppstart kan skje i tråd med den vedtekne NTP. Det er eit ønske at E16 Arna - Stanghelle vert eit bunde prosjekt i NTP.

Nytt punkt 2 (b):

Fylkestinget ber om at dei ulike korridor-alternativa for arm til Bergen frå E134 snarast blir greidd ut gjennom ein KVV slik det blei tilrådd av Statens vegvesen i aust - vest - utgreiinga.»

Røysting

Innstillinga punkt 1-3 og punkt 6-19 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2 fekk ingen røyster og fall.

Bjørkly sitt forslag punkt 2 (a) vart vedteke med 50 røyster mot 7 røyster (SV, MDG, R) for Hammer sitt forslag (a), (b), (c) og (d).

Bjørkly sitt forslag punkt 2 (b) fekk 54 røyster (H, Frp, V, MDG, R, A, Sp, KrF) og vart vedteke. Hammer sitt forslag (e) punkt 4 vart vedteke med 38 røyster mot 19 røyster (H, Frp) for innstillinga punkt 4. Innstillinga punkt 5, setning 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteken. Innstillinga punkt 5, dei to siste setningane (4. og 5. setning), vart vedteken mot 7 røyster (Frp).

Vedtak

1. Fylkestinget viser til at Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune har mange felles prosjekt og interesser, og meiner at handlingsprogramma til samferdselsetatane i framtida i langt større utstrekning må utformast som ein dialogprega prosess med fylkeskommunane.
2. Fylkestinget ber om at det vert lagt vekt på rask framdrift i planprosessane for prosjekta E16 Arna - Trengereid, E134 Røldal - Seljestad og E39 Stord - Os (Hordfast), slik at oppstart kan skje i tråd med den vedtekne NTP. Det er eit ønske at E16 Arna - Stanghelle vert eit bunde prosjekt i NTP.
3. Fylkestinget ber om at dei ulike korridor-alternativa for arm til Bergen frå E134 snarast blir greidd ut gjennom ein KVVU slik det blei tilrådd av Statens vegvesen i aust - vest – utgreiing.
4. Tunnelane på eksisterande strekning E16 Arna - Stanghelle må rustast opp i tråd med tunnelsikkerheitsforskrifta om vegen blir omklassifisert til fylkesveg.
5. Fylkestinget ber om at det i løpet av handlingsplanperioden 2018-23 vert starta opp planarbeid på K5 Stanghelle - Voss.
6. Det er positivt at det er starta opp planarbeid for Ringveg øst og at dette arbeidet har stor prioritet. Fylkestinget viser til at E39 Vågsbotn - Klauvaneset har lågare standard, høgare trafikk og større avviklingsproblem enn E16 Arna-Vågsbotn, og meiner at denne strekninga må ha høgare prioritet. Det er også behov for strakstiltak for å betre trafikksikkerheit og kollektivprioritering på denne strekninga. Det kan vere aktuelt både å nytte midlar gjennom Miljøløftet, og programområdemidlar til gang- og sykkelveg, TS-midlar og kollektivmidlar. Særleg vil fylkestinget peike på behovet for kollektivprioritering på strekninga.
7. Fylkestinget er nøgd med at det vert satsa på tunneltryggleik i perioden. Det er samstundes sterkt ottefullt at det fører til at vedlikehaldsetterslepet aukar på andre delar av riksvegnettet. Dette er særst uheldig, og særleg uheldig om Hordaland får eit større etterslep enn resten av landet grunna at det er naudsynt å prioritere dei mange tunnelane i fylket. Det bør vurderast om ein bør utsetje delar av tunneloppgraderinga for å unngå eit for stort forfall på resten av vegnettet.
8. I samband med stengingar for oppgraderingar på fire-felts tunnelane på E39 gjennom Bergen bør det vurderast to-vegs køyring i eit tunnellop. Særleg er dette aktuelt for Fløyfjellstunnelen og Eidsvågtunnelen, der omkøyringsvegane ikkje har kapasitet til å ta imot trafikken sjølv på tidspunkt med låg trafikk.
9. Dei strekningsvise midlane på Rv7 kom som oppfølging av KVVU for strekninga Gol - Voss, der Regjeringa i etterkant vedtok at Rv7 skulle vere hovudveg for persontrafikk og reiseliv mellom aust og vest. Fylkestinget er på dette grunnlag kritisk til at midlane er føreslått til utbetring av Rv7 langsetter Krøderen. Ut i frå føremålet med desse midlane bør dei flyttast til tiltak på høgjfjellstrekninga over Hardangervidda for å sikre vinterregulariteten og trafikktryggleik.
10. Fylkestinget ber departementet sørge for at det saman med første rullering av NTP vert laga ein nasjonal 12-års plan for sikring av riks- og fylkesvegnettet innan høg og middels skredfaktorgruppe.

Fylkestinget er særleg uroa over den låge delen av skredsikringsprosjekt på riksvegnettet i fylket. Fylket har stor risiko for skred, det gir stor utryggleik, og det er få og lange omkøyringsvegar med tilhøyrande sårbarheit ved hendingar.
11. Fylkestinget er nøgd med at Hordaland får meir midlar til skredsikring på fylkesveg. Midlane er likevel på langt nær tilstrekkelege for å dekkje behovet.

For å unngå unødig utsetting av sikringstiltak, og derav mindreforbruk på kap. 1320 post 62, «tilskot til skredsikring på fylkesvegnettet» må departementet gje tilsagn om tilskot til fylket tidleg i 2018.

12. Fylkestinget viser til dei store trafikkale utfordringane som har vore på Rv13 i sommar, og meiner at utbetringsarbeidet på strekninga Kinsarvik-Kyrkjeneset må framskundast med oppstart 2018/19.
13. Fylkestinget vil vise til at situasjonen ved Bu ved Hardangerbrua like ved Rv13/Rv9 har vore ganske kritisk i turistsesongen dei siste par åra både når det gjeld toalettsituasjonen og parkeringsplassar for turistbussar. Dette området bør ha fasilitetar som er kan dekkje servicetilbodet for turistar og andre reisande. Det visast til at fylkeskommunen gjennomfører eit prosjekt som ser på reiseliv og infrastruktur, og ønskjer eit samarbeid med Statens Vegvesen om tiltak i oppfølginga av dette prosjektet.
14. Fylkestinget ber om at det vert omprioritert midlar til kollektivknutepunkt i Odda som eit spleiselag mellom kommune, fylkeskommune og staten. Det er også aktuelt for kollektivknutepunkt som er under planlegging på Osøyro, Leirvik og Knarvik. Alle desse kollektivknutepunkta blir betente av fylkeskryssande bussruter.
15. Regional transportplan 2018-29 legg opp til å prioritere hovudruter for sykkel og ruter knytt til skule og tilbod for barn og unge ved regionale sentra. Det er vidare lagt opp til å prioritere skuleveggar for barn og unge. Aktuelt tiltak er t.d. utbygging av gang- og sykkelløysing over Hagelsundbrua mellom Flatøy og Knarvik. Andre regionale sentra som Odda treng også gang- og sykkelveg gjennom sentrum. Fylkestinget ber difor om at det i større mon blir lagt inn midlar til tiltak i tilknytning til dette framfor tiltak på riksveggar utan skular og samanhengande gang- og sykkelveggar mot senterområde.
16. Innan strekningsvise utbetringar av kollektivtiltak er det særleg grunn til å prioritere haldeplassar i tilknytning til skular og senterområde samt andre målpunkt for born og unge som t.d. idrettsanlegg og kulturhus. Fylkestinget føreset at dette blir gjort i samarbeid med Skyss.
17. Fylkestinget ber om at Statens Vegvesen innan løyvinga til ITS bidreg til å finansiere utvikling av løysingar innan kombinert mobilitet, der kollektivtransport er basis i ein heilskap som også inneheld mellom anna bildeling, bysyklar, drosjer, sykling og «on demand»-tenester som autonome køyretøy. Hordaland fylkeskommune ved Skyss vil gjerne bidra i utvikling av løysingar.
18. Avfuktingsanlegg for berekablar på Stordabrua bør sjåast i samheng med tilsvarende jobb på Bømlabrua på Fv 542, t.d. gjennom felles entreprisse.
19. Fylkestinget vil understreka nasjonale og regionale målsettingar for å redusera klimautslepp og ivareta miljø- og naturmangfald og kulturminne, herunder også mål om nullvekst av personbiltrafikken i Bergensområdet. Fylkestinget har i høyringsfråsegner til dei store riksvegprosjekta understreka desse målsettingane med konkrete forslag til tiltak og forventa at dette vert tatt omsyn til i det vidare arbeidet med omsyn til auka satsing på kollektivtrafikk, avgrensing av trafikkvekst, nye tekniske løysingar samt val av trasear og dimensjonering av desse.
20. Fylkestinget vil peika på den aukande bruken av bompengefinansiering på nye riks- og fylkesvegprosjekter og fylkeskommunen sitt ansvar for å stilla naudsynte garantiar for finansiering av bompengelån. Med dei planar som ligg føre i denne og neste planperiode har garantiansvaret fått eit omfang som fylkeskommunen ikkje lenger kan bera ansvaret for. Fylkestinget vil oppmoda om at ansvaret for bompengefinansiering av riksveggar vert å overføra til staten.

PS 110/17 Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018-2029 til Regional transportplan Hordaland 2018-2029

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek *Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029*. Investeringsprogrammet skal følge dei fylkeskommunale budsjett- og økonomiprosessane.
2. Fylkestinget godkjenner ny framdriftsplan for utbetring av tunnelane etter Tunnelsikkerhetsforskriften, og ber om at denne vert oversendt til Vegdirektoratet.
3. Fylkestinget er positiv til at det i handlingsprogrammet til NTP er lagt opp til auka rammer til rassikring på fylkesvegar i Hordaland, og ber om at det vert sett i gang planlegging på prioriterte prosjekt i investeringsprogrammet.
4. Fylkestinget legg til grunn at det ikkje er rom for store, nye investeringsprosjekt på fylkesvegnettet i perioden 2018-2021, utanom bompengepakane og rassikringsprosjekta.
5. Fylkestinget sluttar seg til målsetjinga om å sette av minimum 80 mill. kr årleg til forsterkning av eksisterande fylkesvegnett på investeringsbudsjettet. I 2018 er det forslag om 50 mill. kr til forsterkningsprogrammet.
6. Fylkestinget er positiv til at fleire kommunar ønskjer å inngå avtale med fylkeskommunen om spleiselag knytt til mindre utbetringar som til dømes gang- og sykkeltiltak.
7. For å sikre gjennomføring av alle prosjekta i Askøypakken ber fylkestinget om at det vert arbeid med å auke inntektsgrunnlaget i pakken. Fylkestinget sluttar seg til utbyggingsrekkefølga av prosjekta i Askøypakken slik det går fram av investeringsprogrammet.
8. Fylkestinget sluttar seg til målsetjingane for trafikkisikringsarbeidet, og dei tre særskilte satsingsområda i Hordaland:
 - Trafikkisikringsarbeid i kommunane
 - Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strom
 - Mjuka trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Saksprotokoll i fylkestrafikkisikringsutvalet i Hordaland - 28.11.2017

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek *Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029*. Investeringsprogrammet skal følge dei fylkeskommunale budsjett- og økonomiprosessane.
2. Fylkestinget godkjenner ny framdriftsplan for utbetring av tunnelane etter Tunnelsikkerhetsforskriften, og ber om at denne vert oversendt til Vegdirektoratet.
3. Fylkestinget er positiv til at det i handlingsprogrammet til NTP er lagt opp til auka rammer til rassikring på fylkesvegar i Hordaland, og ber om at det vert sett i gang planlegging på prioriterte prosjekt i investeringsprogrammet.
4. Fylkestinget legg til grunn at det ikkje er rom for store, nye investeringsprosjekt på fylkesvegnettet i perioden 2018-2021, utanom bompengepakane og rassikringsprosjekta.
5. Fylkestinget sluttar seg til målsetjinga om å sette av minimum 80 mill. kr årleg til forsterkning av eksisterande fylkesvegnett på investeringsbudsjettet. I 2018 er det forslag om 50 mill. kr til forsterkningsprogrammet.
6. Fylkestinget er positiv til at fleire kommunar ønskjer å inngå avtale med fylkeskommunen om spleiselag knytt til mindre utbetringar som til dømes gang- og sykkeltiltak.

7. For å sikre gjennomføring av alle prosjekta i Askøypakken ber fylkestinget om at det vert arbeid med å auke inntektsgrunnlaget i pakken. Fylkestinget sluttar seg til utbyggingsrekkefølga av prosjekta i Askøypakken slik det går fram av investeringsprogrammet.
8. Fylkestinget sluttar seg til målsetjingane for trafikksikringsarbeidet, og dei tre særskilte satsingsområda i Hordaland:
 - Trafikksikringsarbeid i kommunane
 - Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strok
 - Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) sette på vegner av KrF, Sp, A og SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«KrF, Sp, A og SV er kjend med at det er vedteken reguleringsplan for delstrekket Kvamsbrekko på Fv404. For å få ei vidare framdrift må prosjektet sikrast projekteringsmidlar tidleg i perioden.»

Stein Inge Ryssdal (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 4:

Fylkestinget legg til grunn at det ikkje er rom for store, nye investeringsprosjekt på fylkesvegnettet i perioden 2018-2021, utanom bompengefinansierte prosjekt og rassikringsprosjekta.»

Røysting

Venstre vil derfor fremje forslag om at det skal utarbeidast ei politisk sak der ein kan få utgreidd kva det vil innebære for fylkeskommunen å bli godkjent som ein trafikksikker fylkeskommune, og sett i samanheng med den pågåande samanslåingsprosessen med Sogn og Fjordane. Så vidt eg veit så er det ingen andre fylkeskommunar som har slik godkjenning, men det er om lag 60 kommunar totalt i Noreg som er godkjente som trafikksikker kommune.

I rettleiaren for godkjenningsordninga står: Kommunane er ein viktig aktør i trafikktryggleiksarbeidet, både som vegeigar, barnehageeigar, skuleeigar, arbeidsgjevar og kjøp av transporttenester. Med unntak om barnehageeigar, så gjeld det og for fylkeskommunen.

Gjennom lover og forskrifter har fylkeskommunen eit regionalt ansvar innan trafiktryggleiksarbeid. Å jobbe mot at Hordaland fylkeskommune kan bli godkjent som trafikksikker kommune vil vere eit viktig og nødvendig bidrag inn i dette arbeidet.»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Godkjenningssordninga Trafikksikker kommune er etablert av Trygg Trafikk, og vert utført i samarbeid med fylkeskommunane. Hordaland har i dag fire kommunar som er godkjente. I forlenginga av denne godkjenningssordninga er det i fleire fylkeskommunar som har løfta eit spørsmål om ordninga også skal utformast til å gjelde fylkeskommunane, - såkalla Trafikksikker fylkeskommune.

Før fylkeskommunane kan starte eit slikt godkjenningssarbeid så må kriteria som gjeld Trafikksikker kommune omarbeidast og endrast slik at dei kan gjelde fylkeskommunen sine oppgåver og eining.

Også i stortingsmeldinga *Meld. St. 40 (2015-2016) Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering* var anbefalinga frå dei fylkeskommunale samferdselssjefane at godkjenningssordninga Trafikksikker kommune også skulle omfatte regionalt nivå. Trygg Trafikk har hausten 2017 utforma kriteria for Trafikksikker fylkeskommune, som skal sikre at fylkeskommunane arbeider systematisk og tverrsektorielt med trafikksikring, basert på eksisterande lovverk.

I høyringsutkastet til *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021* gjeld tiltak nr. 111 fylkeskommunen som Trafikksikker fylkeskommune:

Trygg Trafikk vil bidra til at fylkeskommuner kan godkjennes som Trafikksikker fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er no i prosess med ei samanslåing frå og med 1. januar 2020. Regionreforma er svært omfattande, og vil i stor grad prege arbeidet på regionalt nivå i fireårsperioden 2018-2021. Det er likevel viktig at det ved etablering av ein ny region vert fastsett gode rutinar for trafikksikringsarbeidet. Trygg Trafikk sine kriterium for Trafikksikker fylkeskommune vil slik sett kunne vere ei viktig rettesnor for dette arbeidet.»

Anne-Beth Njærheim sette fram slikt oversendingssforslag til fylkesrådmannen:

«Det skal utarbeidast ei politisk sak der ein kan få utgreidd kva det vil innebere for Hordaland fylkeskommune å bli godkjent som ein trafikksikker fylkeskommune.»

Røysting

Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

3. Geir Angeltveit (V) hadde sendt inn slikt interpellasjon:

«Regionreform og Sunnhordland

I samband med fylkessamanslåinga i Gulen i oktober vart det starta ein debatt i Sunnhordland kring regionen si rolla i det nye Vestlandet. Fleire i Sunnhordland og Hardanger har ytra bekymring for framtidsutsiktene i regionane våre.

Problemstillingane mange har peika på er at administrasjon og avgjerslemynde for samferdsle og skule skal flyttast lenger vekk. Utan at ein sit att med noko ekstra. Medan Bergensregionen skal administrera sitt eige, vert dei sørlege delane styrt frå nord. Samstundes som ein politisk gjer vedtak som mange oppfattar som stikk i strid med Sunnhordland sine interesser.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har ytra seg sterkt kritisk til den avvisinga av desse bekymringane frå fylkesordføraren, som mange oppfatta ved fellesmøtet mellom formannsskapa i Sunnhordland, på Stord 24. november. Særskild gjaldt dette Hordfast.

Rogfast er eit prosjekt som kjem til å skapa sterke faste bindingar syddover. Sunnhordland- og Haugalandsregionen har lenge hatt tette band, særskild styrka etter trekantsambandet vart

etablert. Gjennom Helse Fonna, politireform og tidlegare høgskulestruktur. Og mange opplever denne grensa som håplaus kunstig i dag.

Spørsmål:

1. Kva meiner fylkesordføraren kring den debatten som har starta i Sunnhordland og delar av Hardanger om tilhøyrsla i den nye Vestlandsregionen?
2. Korleis oppfattar fylkesordføraren bekymringane kring oppgåvefordelinga og plassering av ansvar i den nye regionen, og meiner fylkesordføraren at Hardanger- og Sunnhordlands-kommunane er betre tent med å vere ein del av Vestlandet, heller enn å søka seg syddover?
3. Korleis meiner fylkesordføraren at ein best tryggar integrasjon- og kommunikasjonslinjer på tvers av heile det nye Vestlandet?»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Svar på spørsmål 1

Fylkesordføraren vil ikkje det skal vere tvil om at Sunnhordland og Hardanger er viktige og livskraftige regionar i det nye vestlandsfylket. Eg ser det som svært uheldig at det blir stilt spørsmål om sunnhordlandskommunane sin posisjon og tilslutning til det nye fylket. Slike spørsmål er uttrykk for ei uro og skepsis som eg vil ta på alvor og slett ikkje avvise i det vidare arbeidet med det nye fylket. Samanslåingsprosessen er likevel så vidt starta opp og det er for tidleg å spekulere i korleis den nye fylkeskommunen endeleg vil bli organisert og fungere, for på best måte å kunne ivareta utfordringar og interesser i Sunnhordland og andre regionar innanfor dei nye fylkesgrensene.

Svar på spørsmål 2

I intensjonsplanen for fylkessamanslåinga er det lagt til grunn at oppgåver og ansvar i den nye fylkeskommunen skal organiserast innanfor ein desentralisert og balansert struktur, der leiing og arbeidsoppgåver innanfor dei sentrale fagområda skal kunne utførast både i Bergen og på Leikanger. Dette for å sikre nødvendig og god kontakt med kommunar og regionar i alle deler av det nye fylket. Korleis den nye strukturen og oppgåvefordelinga til slutt skal sjå ut vil bli eit sentralt spørsmål i fellesnemnda.

Det som ligg fast er at administrasjonssenteret og sete for politisk leiing i den nye fylkeskommunen vil vere Bergen. Kommunar og regionar i Hordaland vil derfor ha same tilgang og avstand til øvste administrative og politiske leiing for den nye fylkeskommunen som i dag. Ingen kjenner betre utfordringane og behova for utvikling i sunnhordlandskommunane enn Hordaland fylkeskommune. Kunnskap og dialog er nødvendige føresetnader for å lage gode planar og sette inn tiltak. Eg meiner derfor heilt klart at kommunar i Sunnhordland og Hardanger er best tent med å bli ein del av samanslåinga mellom Sogn og Fjordane og Hordaland, enn å søke grensejusteringar sørover.

Svar på spørsmål 3

Dei store infrastrukturprosjekta som bidreg til å knytte ulike deler av det nye fylket sterkare saman, er i stor grad eit statleg ansvar innanfor rammene til Nasjonal transportplan. Fylkeskommunen er ein aktiv part inn i arbeidet med Nasjonal transportplan, og fylkestinget har tidlegare gjort sine prioriteringar mellom ulike prosjekt på riksvegnettet.»

SPØRSMÅL

1. Tor André Ljosland (KrF) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«NDLA

Rogaland fylkeskommune har besluttet å stoppe utbetalingene til NDLA. Et viktig premiss for NDLA har vært at det er stor oppslutning fra fylkeskommunene om et felles spleiselag for åpne digitale læremidler.

Vil fylkesordføreren ta initiativ til et eiermøte for å avklare de resterende fylkers interesse for videre eksistens for NDLA?

NDLA ble etablert med sterk medvirkning fra den daværende regjeringen. Vil fylkesordføreren innhente dagens regjerings standpunkt til innkjøpssamarbeidet, og hvilke alternativer de eventuelt ser for seg for å sikre gratis åpne læremidler i skolen?»

Fylkesordføreren svarte slik:

«Svar på spørsmål 1

Fylkesordføreren er kjend med at situasjonen for NDLA er tema både i KS og i fylkesrådmennene sitt arbeidsutval. Det er naturleg å vente med konkrete initiativ frå Hordaland fylkeskommune til det er klart om det kjem utspel frå andre representantar for eigarane. Fylkesordføreren vil følgje nøye med på kva utspel som kjem frå KS og orientere fylkesutvalet i første møte i 2018 og vurdere evt. eigarmøte.

Svar på spørsmål 2

Fylkesordføreren har merka seg at regjeringa ved statsråd Asheim har markert at det er fylkeskommunane som fullfinansierer NDLA og at det etter opplæringslova er deira ansvar å kjøpe inn læremiddel til vidaregåande skule. Statsråden har også peika på at det tidlegare er slått fast at NDLA-ordninga ikkje er i strid med støtteregulverket. Til NRK seier Asheim (15.11.2017): – Med dagens regler er det derfor ingenting jeg som kunnskapsminister kan gjøre direkte med NDLA.»

2. Roald Kvamme (A) hadde sendt inn slikt spørsmål

«Restriktive tiltak for privatbilismen

Hordaland fylkeskommune har signert en byvekstavtale med staten. Videre har HFK en avtale om belønningsmidler. I begge avtalene er det blant annet forutsatt nullvekst i privatbilismen, og bruk av restriktive tiltak for å begrense veksten i privatbilismen.

1. Hvilke forutsetninger ligger til grunn i avtalene med staten knyttet til restriktive tiltak og nullvekst?
2. Hvilke konsekvenser vil det få dersom Hordaland fylkeskommune nå avskaffer alle restriktive tiltak for privatbilismen?»

Fylkesordføreren svarte slik:

«Spørsmål 1 – føresetnader om restriktive tiltak og nullvekst

Målsetjinga i inneverande belønningsmiddelavtale er nullvekst i personbiltransporten i Bergen kommune i perioden 2015- 2018. Det er lagt til grunn at denne målsetjinga for trafikkutviklinga skal bli oppnådd gjennom kollektivtransportfremjande tiltak, arealpolitiske verkemiddel og restriktive tiltak for personbiltrafikk (evt. også tiltak for sykkel og gange). Om byområdet ikkje ligg an til å oppnå måla, er det føresett at verkemiddelbruken vert justert.

I byvekstavtalen mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Staten 2017 – 2023, som enno ikkje er handsama av Stortinget, står det at:

«Veksten i persontransporten skal tas med kollektivtrafikk, sykling og gåing. Løsningene som velges må bidra til å sikre bedre mobilitet totalt sett, spesielt ved å tilrettelegge for attraktive alternativer til privatbil og bedre framkommelighet for næringstransporten.»

I avtalen er det vist til det nye bompenggeopplegget i bypakken med nye bomsnitt som vil ha «en trafikkdempende effekt, noe som er påkrevd for å nå målene i byvekstavtalen.»

Vidare i avtalen står det at

«Dersom det er behov for nye tiltak for å sikre måloppnåelse er avtalepartene forpliktet til å ta nødvendige initiativ.»

Spørsmål 2 - om avskaffing av restriktive tiltak

Fylkesordføreren meiner at avskaffing av alle restriktive tiltak for privatbilisme vil ha negative verknader på framkome, utslepp av klimagassar og lokal luftkvalitet.

Fylkesordføreren viser også til at «avskaffing av restriktive tiltak» vil ha avtalemessige konsekvensar. I avtalen om «belønningstilskudd til bedre kollektivtransport og mindre bilbruk for perioden 2015-2018», står det at:

«Dersom avtalen på vesentlige punkter med sikte på måloppnåelse ikke er fulgt opp fra tilskuddsmottakers side uten at det er relevante grunner til det, kan departementet redusere tilskuddet, evt. holde tilbake midler for senere tildeling.»

Merk at misleghald av avtalen om belønningssmidlar er knytt til måloppnåing og ikkje til verkemiddelbruk. Det er likevel føreset at «restriktive tiltak for personbiltrafikk» er ei av tiltaksgruppene i tiltaksplanen.

I byvekstavtalen mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Staten for 2017 - 2023 står det at:

«Partene kan si opp avtalen og unnlate å bevilge midler dersom øvrige parter på vesentlig måte unnlater å følge opp sine forpliktelser, herunder at utviklingen ikke er i tråd med målsettingen. Regler for hvordan dette skal skje vil bli innarbeidet i den revidering av avtalen som er planlagt å skje senest våren 2018.»

PS 130/17 Ymse

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

SAKSBEHANDLING

Fylkesordfører Anne Gine Hestetun leidde møtet 12. desember.
Fylkesvaraordfører Pål Kårbø leidde møtet 13. desember.

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje:

- 12. desember: PS 105, 111, 106, 112 og 115/17.
- 13. desember: PS 107, 122, 117, 121, 127, 131, 132, 110, 109, 108, 113, 114, 118-120, 123-126, 128 og 133/17.

OPNING AV FYLKESTINGET – 12.12.2017

Til å skrive under møteboka saman med fylkesordføreren vart Kari Sørensen Bernardini (A) og Stein Inge Ryssdal (H) valde.

Fylkesordføreren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføreren og dei som vart oppnemnde til å skrive under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Det var kulturinnslag v/BergenStyleBombers.

Fylkesordføreren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

ORDSKIFTET ETTER TALANE

Etter talane var det ordskifte. 11 representantar hadde ordet.

I samband med ordskiftet sette **Tom Sverre Tomren (MDG)** fram slikt forslag til uttale:

«Hordaland fylkesting gratulerer ICAN med Nobels fredspris. Fylkestinget gjer samtidig ICAN merksam på fylkestinget sin uttalelse om TPNW som blei vedtatt i oktober:

«Ratifisering av avtale som forbyr atomvåpen

Den nye avtalen som forbyr atomvåpen (TPNW) blei vedtatt av 122 statar 7. juli 2017. Dette er ein klar beskjed frå majoriteten av verdens statar om at atomvåpen er inhumane og uakseptable våpen som må avskaffast.

Avtalen vart opna for signering 20. september. Allereie har 53 statar signert, og tre statar ratifisert den, men Noreg er ikkje blant desse. Når 50 statar har ratifisert avtalane, vil den etter 90 dagar tre i kraft og bli ein del av folkeretten. Hordaland fylkesting vil difor oppmoda regjeringa om å signera og ratifisera avtala.»

Tomren trekte forslaget sitt.

I samband med ordsiftet sette **Marthe Hammer (SV)** fram slikt forslag til uttale til Regjeringa, relevant fagkomité på Stortinget og Hordalandsbenken på Stortinget.

«Uttale: Det bør løne seg å gå foran

Med elektrifiseringa av ferjesambanda gjennomfører fylkeskommunen eit taktskifte i klimaarbeidet i Hordaland. Dei nye miljøvenlege ferjene vil redusere klimagassutsleppa med 90 prosent frå 2021. Miljøsatsinga på ferjer medfører dessutan halvering av fylkeskommunen sitt samla klimagassutslepp.

Det grønne skiftet har likevel ei bakside, og det er kostnaden. Dei nye ferjekontraktane har vesentlege økonomiske konsekvensar både på drifts- og investeringsbudsjettet. For 2018 aukar ferjebudsjettet med nær 50 mill. kr samanlikna med 2017. Resten av ferjesambanda får nye kontraktar frå 2020 og kostnaden vil då auka med ytterlegare 241 mill. kr.

Med elektrifiseringa av ferjesambanda har Hordaland gått foran og bana veg for ein teknologirevolusjon som både gir betre miljø, fleire arbeidsplassar og styrkt næringsliv. Hordaland fylkeskommune kan ikkje sitte aleine med denne kostnaden. Det bør derfor snarast etablerast ein modell som gjer at det løner seg for fylkeskommunar å stille tøffe miljøkrav og trygge arbeidsplassar og næringsliv.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet.

Det var 55 representantar til stades.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget og vedtok deretter samrøystes forslaget.

Vedtak

Uttale: Det bør løne seg å gå foran

Med elektrifiseringa av ferjesambanda gjennomfører fylkeskommunen eit taktskifte i klimaarbeidet i Hordaland. Dei nye miljøvenlege ferjene vil redusere klimagassutsleppa med 90 prosent frå 2021. Miljøsatsinga på ferjer medfører dessutan halvering av fylkeskommunen sitt samla klimagassutslepp.

Det grønne skiftet har likevel ei bakside, og det er kostnaden. Dei nye ferjekontraktane har vesentlege økonomiske konsekvensar både på drifts- og investeringsbudsjettet. For 2018 aukar ferjebudsjettet med nær 50 mill. kr samanlikna med 2017. Resten av ferjesambanda får nye kontraktar frå 2020 og kostnaden vil då auka med ytterlegare 241 mill. kr.

Med elektrifiseringa av ferjesambanda har Hordaland gått foran og bana veg for ein teknologirevolusjon som både gir betre miljø, fleire arbeidsplassar og styrkt næringsliv. Hordaland fylkeskommune kan ikkje sitte aleine med denne kostnaden. Det bør derfor snarast etablerast ein modell som gjer at det løner seg for fylkeskommunar å stille tøffe miljøkrav og trygge arbeidsplassar og næringsliv.

UTDELING AV STIPEND OG PRISAR – 12. og 13.12.2017

Stipenda og prisane vart delt ut av leiaren av utval for kultur, idrett og regional utvikling, Beate Husa.

Utviklingsstipend innan gateaktivitet

Hordaland fylkeskommune sitt utviklingsstipend innan gateaktivitet 2017 vart tildelt BergenStyleBombers.

I 2015 var gruppa B-Funky med i UKM, og dei gjekk heile vegen til landsmønstringa i Trondheim. Dei 5 dansarane i B-Funky jobbar fortsatt saman, men no under namnet BergenStyleBombers. Dei har laga eit nettverk av breakdansarar, rapparar, DJ'ar og visuelle kunstnarar.

Stipendet på kr 30.000,- er nytt frå 2017. Målet med stipendet er å gje ein person, ei gruppe eller eit miljø høve til å vidareutvikle seg innan den aktuelle aktiviteten, og vere ein stimulans til vidare satsing. Stipendet kan nyttast til inspirasjonsreiser, utstyr, kurs eller anna knytt til utviklinga av søkjaren sin aktivitet.

Særlege idrettsprestasjonar

Hordaland fylkeskommune si utmerking for særlege idrettsprestasjonar 2017 vart tildelt:

Håvard Lorentzen	Skøyter Sølvmedalje sprint	VM Calgary, Canada 2017
Sverre Lunde Pedersen	Skøyter Bronsemedalje lagtempo	VM Gangneung, Sør-Korea
Sindre Henriksen	Skøyter Bronsemedalje lagtempo	VM Gangneung, Sør-Korea
Kristoffer Brun	Roing Bronsemedalje singlesculler lettvekt	VM Sarasota, USA
Kristian Blummenfelt	Triatlon Sølvmedalje	VM Rotterdam, Nederland
Olina-Karin Fossdal	Kickboksing Bronsemedalje Kicklight - 60kg	VM Budapest, Ungarn
Daniel Svae Andersen	Aquabike Gullmedalje Ski GP 2	VM Porto Cesereo, Italia
Madeleine Lind	Taekwondo Gullmedalje lagmønster Sølvmedalje mønster 2. dan Bronsemedalje tradisjonell sparring mix	VM Dublin, Irland
Marielle Lind	Taekwondo Bronsemedalje tradisjonell sparring mix	VM Dublin, Irland
Magomed Naurdinov	Taekwondo Bronsemedalje lagmønster	VM Dublin, Irland
Espen Drange	Taekwondo Bronsemedalje mønster 3. dan Bronsemedalje lagmønster	VM Dublin, Irland
Trine Hammerø	Taekwondo Gullmedalje lagmønster	VM Dublin, Irland
Vegard Liseth	Aquabike Sølvmedalje pro/am Ski Lite	VM Lake Havasu City, USA

Hordaland fylkeskommune si markering av særlege idrettsprestasjonar er ei utmerking som heng svært høgt. Det er idrettsprestasjonen som kvalifiserer utøvarane til en slik utmerking. Kravet er medaljeplassering i verdsmeisterskap eller olympiske leikar. Verdsrekordar og siger i verdscupen samanlagt kvalifiserer også til fylkeskommunen si utmerking. Utøvarane må representere ein klubb frå Hordaland.

Utviklingsstipend i idrett

Hordaland fylkeskommune sine utviklingsstipend i idrett for 2017 vart tildelt:

Sven Martin Skagestad, 1995	Friidrett - diskos	IL Norna-Salhus
Marte Heggertveit, 1999	Svømming - para	Bergenssvømmerne
Martin Roe, 1992	Friidrett, 10 kamp	IL Fri
Casper Stornes, 1997	Triatlon	Askøy sykkel og triatlonklubb
Anna Dorthea Espevik, 1998	Styrkeløft	Odin Styrkeløftklubb

Kvart stipend er på kr 30 000.

Fylkeskommunen sine utviklingsstipend innan idrett kan tildelast einskildutøvarar. Ein person kan berre få slikt stipend ein gong. Målet med stipenda er å gje mottakarane stimulans og høve til vidareutvikling i si idrettsgrein. Ved tildelinga av stipend vert det lagt vekt på: idrettsprestasjonar, potensial og planar for vidare satsing innan idretten.

PS 131/17 Samarbeidande kraftfylke - val av kandidatar til styreleiaryerv, delegat til årsmøtet og representantar til årsmøtekonferansen

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slikt framlegg til valnemnda i Samarbeidande Kraftfylke:

Val som styreleiar i Samarbeidande Kraftfylke:

1. Kandidat 1:.....(Kvinne)
2. Kandidat 2:.....(Mann)

Fylkestinget gjer slikt val delegat til årsmøtet i Samarbeidande Kraftfylke:

.....

Fylkestinget gjer slikt val av tre representantar til årsmøtekonferansen til Samarbeidande Kraftfylke:

1. Representant:.....
2. Representant:.....
3. Representant:.....

Fylkestinget ber Fylkesrådmannen finne ein representant frå administrasjonen som kan delta på årsmøtekonferansen i Samarbeidande Kraftfylke, som ein av dei 4 representantane.

Saksprotokoll i valnemnda - 12.12.2017

Silja Ekeland Bjørkly (H) gjorde framlegg om Mona Røsvik Strømme som kandidat 1 til styreleiar i Samarbeidande Kraftfylke.

Benthe Bondhus (SP) gjorde framlegg om Sigurd Reksnes, Sogn og Fjordane (SP) som kandidat 2 til styreleiar i Samarbeidande Kraftfylke.

Tom Sverre Tomren (MDG) gjorde framlegg om Øyvind Strømmen (MDG) som kandidat 2 til styreleiar i Samarbeidande Kraftfylke.

Pål Kårbø (KRF) gjorde framlegg om Benthe Bondhus (SP) som delegat til årsmøtet i Samarbeidande Kraftfylke.

Pål Kårbø (KRF) gjorde framlegg om Sigbjørn Framnes (FRP) som representant 1 til årsmøtekonferansen til Samarbeidande Kraftfylke-

Pål Kårbø (KRF) gjorde framlegg om Natalie Golis (MDG) som representant 2 til årsmøtekonferansen til Samarbeidande Kraftfylke.

Pål Kårbø (KRF) gjorde framlegg om Anne Beth Njærheim (V) som representant 3 til årsmøtekonferansen til Samarbeidande Kraftfylke.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med forslaga frå Silja Ekeland Bjørkly og Benthe Bondhus om kandidatar som styreleiar vart vedteke med 10 røyster mot 1 røyst (MDG) for Tomren sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag med Pål Kårbø sitt forslag på delegat vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag med Pål Kårbø sine forslag på representantar vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget gjer slikt val til styreleiar i Samarbeidande Kraftfylke:

1. Kandidat 1: Mona Røsvik Strømme (H)
2. Kandidat 2: Sigurd Reksnes, Sogn og Fjordane (SP)

Fylkestinget gjer slikt val delegat til årsmøtet i Samarbeidande Kraftfylke: Benthe Bondhus (SP)

Fylkestinget gjer slikt val av tre representantar til årsmøtekonferansen til Samarbeidande Kraftfylke:

1. Representant: Sigbjørn Framnes (FRP)
2. Representant: Natalie Golis (MDG)
3. Representant: Anne Beth Njærheim (V)

Fylkestinget ber fylkesrådmannen finne ein representant frå administrasjonen som kan delta på årsmøtekonferansen i Samarbeidande Kraftfylke, som ein av dei 4 representantane.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget gjer slikt val til styreleiar i Samarbeidande Kraftfylke:

1. Kandidat 1: Mona Røsvik Strømme (H)
2. Kandidat 2: Sigurd Reksnes, Sogn og Fjordane (SP)

Fylkestinget gjer slikt val av delegat til årsmøtet i Samarbeidande Kraftfylke: Benthe Bondhus (SP)

Fylkestinget gjer slikt val av tre representantar til årsmøtekonferansen til Samarbeidande Kraftfylke:

1. Representant: Sigbjørn Framnes (FRP)
2. Representant: Natalie Golis (MDG)
3. Representant: Anne Beth Njærheim (V)

Fylkestinget ber fylkesrådmannen finne ein representant frå administrasjonen som kan delta på årsmøtekonferansen i Samarbeidande Kraftfylke, som ein av dei 4 representantane.

PS 132/17 Innspel på kandidatar til hovudstyret i Innovasjon Norge

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune forslår følgjande som medlemmer i hovudstyret i Innovasjon Norge

1.
2.

Saksprotokoll i valnemnda - 12.12.2017

Aud Karin Oen (SV) gjorde framlegg om Marthe Hammer (SV) som medlem i hovudstyret i Innovasjon Norge.

Silja Ekeland Bjørkly (H) gjorde framlegg om Nils Marton Aadland (H)

Røysting

Forslaget frå Aud Karin Oen (SV) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Forslaget frå Silja Ekeland Bjørkly (H) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Hordaland fylkeskommune føreslår følgjande som medlemmer i hovudstyret i Innovasjon Norge

1. Marthe Hammer (SV)
2. Nils Marton Aadland (H)

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune foreslår følgjande som medlemer i hovudstyret i Innovasjon Norge

1. Marthe Hammer (SV)
2. Nils Marton Aadland (H)

PS 133/17 Forslag til endring i vassforskrifta og naturmangfoldlova - fråsegn

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar ikkje endringane i vassforskrifta om at det no vert lagt opp til statleg over styring og «avpolitiser» vassforvaltninga. Eksisterande organisering sikrar politisk forankring, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking.
2. Evalueringar av arbeidet med vassforvaltninga konkluderer med at fylkeskommunane har gjort ein god jobb til ein låg kostnad utifrå dei rammer og føringar frå departementet, som var lagt til grunn for arbeidet. Hordaland fylkeskommune ser ikkje nytten av å endra dette som fungerer.
3. At ein tek bort vassforvaltingsarbeidet frå plan- og bygningslova er uheldig. Plan- og bygningslova er ein godt eigna, felles reiskap som balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn for samfunnet sitt samla behov. Planprosessane er demokratiske, og sikrar at alle påverka partar deltek aktivt både i planfase og oppfølging.
4. Forskriftsendringa utfordrar Stortinget sin intensjon om at regionreforma skal styrkje regionen si rolle som samfunnsutviklar. Det er uheldig at endringar i vassforvaltingsarbeidet vert foreslått før regjeringa sitt ekspertutval med frist til 1.2.2018, får gjort sine vurderingar av nye oppgåver til regionane.
5. Noko av grunngjevinga for endring i vassforskrifta er at det i dei neste planperiodane berre skal føretakast mindre endringar av eksisterande planar. Erfaring frå rollen som vassregionmynde tilseier at det er eit relativt stort etterslep på både innhenting av kunnskap, overvaking og forankring av tiltak. Hordaland fylkeskommune er bekymra for at det no vert lagt opp til eit for lågt ambisjonsnivå når det kjem til å nå målet for våre vassressursar.
6. Det vil svekke arbeidet at det ikkje lenger skal være ein lovfesta samordningsarena regionalt (vassregionutval). Ved å fjerne denne, er det ein risiko for at vassforvaltingsarbeidet blir meir sektorisert og fragmentert, medan målet er heilskaplege og sektorovergripande planar.
7. Det er uheldig at plan- og bygningslova sin heimel om at statlege etatar og kommunane har rett og plikt til å delta i planlegginga fell bort. Det er uklart kva juridisk verknad ein plan heimla i naturmangfoldlova vil ha. Dette kan medføre risiko for at både kommunar og sektormynde i større grad vil distansere seg frå aktiv deltaking. Hordaland fylkeskommune er også bekymra for at mindre medverknad og eigarskap til vassforvaltingsplanane kan føre til at ein ikkje oppnår vassforskrifta sitt mål om god økologisk vasskvalitet.
8. Arbeidet i vassområda har etablert gode samarbeidsformer som er viktige å vidareføre. For å sikre lokal forankring må staten framleis gå inn med finansiering av vassområda si drift. Det er brukt mykje tid og ressursar på å byggje opp kunnskap og kompetanse lokalt. Dette er noko ein må ta vare på.
9. Hordaland fylkeskommune har teke på seg økonomiske forpliktingar i samband med oppfølging av arbeidet i vassområda og som vassregionmynde. Desse må det kompenseras for.

10. Dersom vassforskrifta skal endras må den innehalde ein overgangsperiode og ikkje tre i kraft før neste planperiode frå 1.1.2022. Den planlagde datoen 1.7.2018 er altfor kort tid. KLD skriver i sitt forventningsbrev til fylkeskommunane for 2018, datert 1.6.2017, at regjeringa er avhengig av at miljøpolitikken inngår i andre sektorar sine prioriteringar for å nå nasjonale mål, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Vidare skriv KLD at som ansvarleg for regional planlegging etter plan- og bygningslova, og den viktigaste utviklingsaktøren regionalt, har fylkeskommunen ein sentral rolle i å vege ulike interesser mot kvarandre innanfor ramma av den nasjonale arealpolitikken, der sikring av friluftsområde, heilskapleg vassforvaltning og det å ivareta vassdrags- og kystnatur er viktige element.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 05.12.2017

Geir Kjell Andersland(V) sette fram slikt forslag til vedtak:

«I innstillinga pkt. 4: Ordet *utfordrar* endra til *er i konflikt med*»

Kjell Håland (A) sette fram slikt oversendingsforslag på vegner av A, Krf og Sp:

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser denne saka som ei særskild viktig prinsipiell sak for fylkeskommunen, og ber Fylkesutvalet vurdere å legge denne høyringsuttalen fram for Fylkestinget 12. – 13. desember 2017.»

Røysting

Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart elles samrøystes vedteke.

Håland sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt til Fylkesutvalet.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar ikkje endringane i vassforskrifta om at det no vert lagt opp til statleg over styring og «avpolitiser» vassforvaltninga. Eksisterande organisering sikrar politisk forankring, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking.
2. Evalueringar av arbeidet med vassforvaltninga konkluderer med at fylkeskommunane har gjort ein god jobb til ein låg kostnad utifrå dei rammer og føringar frå departementet, som var lagt til grunn for arbeidet. Hordaland fylkeskommune ser ikkje nytten av å endra dette som fungerer.
3. At ein tek bort vassforvaltingsarbeidet frå plan- og bygningslova er uheldig. Plan- og bygningslova er ein godt eigna, felles reiskap som balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn for samfunnet sitt samla behov. Planprosessane er demokratiske, og sikrar at alle påverka partar deltek aktivt både i planfase og oppfylgning.
4. Forskriftsendringa er i konflikt med Stortinget sin intensjon om at regionreforma skal styrkje regionen si rolle som samfunnsutviklar. Det er uheldig at endringar i vassforvaltingsarbeidet vert foreslått før regjeringa sitt ekspertutval med frist til 1.2.2018, får gjort sine vurderingar av nye oppgåver til regionane.
5. Noko av grunngevinga for endring i vassforskrifta er at det i dei neste planperiodane berre skal føretakast mindre endringar av eksisterande planar. Erfaring frå rollen som vassregionmynde tilseier at det er eit relativt stort etterslep på både innhenting av kunnskap, overvaking og forankring av tiltak. Hordaland fylkeskommune er bekymra for at det no vert lagt opp til eit for lågt ambisjonsnivå når det kjem til å nå målet for våre vassressursar.
6. Det vil svekke arbeidet at det ikkje lenger skal være ein lovfesta samordningsarena regionalt (vassregionutval). Ved å fjerne denne, er det ein risiko for at vassforvaltingsarbeidet blir meir sektorisert og fragmentert, medan målet er heilskaplege og sektorovergripande planar.
7. Det er uheldig at plan- og bygningslova sin heimel om at statlege etatar og kommunane har rett og plikt til å delta i planlegginga fell bort. Det er uklart kva juridisk verknad ein plan heimla i naturmangfaldlova vil ha. Dette kan medføre risiko for at både kommunar og sektormynde i større grad vil distansere seg frå aktiv deltaking. Hordaland fylkeskommune er også bekymra for at mindre medverknad og eigarskap til vassforvaltingsplanane kan føre til at ein ikkje oppnår vassforskrifta sitt mål om god økologisk vasskvalitet.

8. Arbeidet i vassområda har etablert gode samarbeidsformer som er viktige å vidareføre. For å sikre lokal forankring må staten framleis gå inn med finansiering av vassområda si drift. Det er brukt mykje tid og ressursar på å byggje opp kunnskap og kompetanse lokalt. Dette er noko ein må ta vare på.
9. Hordaland fylkeskommune har teke på seg økonomiske forplikningar i samband med oppfølging av arbeidet i vassområda og som vassregionmynde. Desse må det kompenseras for.
10. Dersom vassforskrifta skal endras må den innehalde ein overgangsperiode og ikkje tre i kraft før neste planperiode frå 1.1.2022. Den planlagde datoen 1.7.2018 er altfor kort tid. KLD skriver i sitt forventningsbrev til fylkeskommunane for 2018, datert 1.6.2017, at regjeringa er avhengig av at miljøpolitikken inngår i andre sektorar sine prioriteringar for å nå nasjonale mål, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Vidare skriv KLD at som ansvarleg for regional planlegging etter plan- og bygningslova, og den viktigaste utviklingsaktøren regionalt, har fylkeskommunen ein sentral rolle i å vege ulike interesser mot kvarandre innanfor ramma av den nasjonale arealpolitikken, der sikring av friluftsområde, heilskapleg vassforvaltning og det å ivareta vassdrags- og kystnatur er viktige element.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF, Sp, SV, MDG, V, Frp og H fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet vedtek at saka går til fylkestinget 12.-13. desember 2017.»

Roald Stenseide (Frp) sette på vegner av Frp, A, KrF, Sp, SV, MDG, V og H fram slikt forslag:

«Nytt punkt 1:

Hordaland fylkeskommune vil påpeike at det er uheldig at denne endringa vert lagt fram før ekspertutvalet kjem med si innstilling.

Hordaland fylkeskommune er av den oppfatning at denne forskrifta må sjåast i samanheng med dei oppgåvene fylkeskommunane skal ha med tanke på ny regionreform.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Stenseide sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 1-10 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek at saka går til fylkestinget 12.-13. desember 2017.

Innstilling til fylkestinget

1. Hordaland fylkeskommune vil påpeike at det er uheldig at denne endringa vert lagt fram før ekspertutvalet kjem med si innstilling.

Hordaland fylkeskommune er av den oppfatning at denne forskrifta må sjåast i samanheng med dei oppgåvene fylkeskommunane skal ha med tanke på ny regionreform.

2. Hordaland fylkeskommune støttar ikkje endringane i vassforskrifta om at det no vert lagt opp til statleg over styring og «avpolitiserer» vassforvaltninga. Eksisterande organisering sikrar politisk forankring, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking.
3. Evalueringar av arbeidet med vassforvaltninga konkluderer med at fylkeskommunane har gjort ein god jobb til ein låg kostnad utifrå dei rammer og føringar frå departementet, som var lagt til grunn for arbeidet. Hordaland fylkeskommune ser ikkje nytten av å endra dette som fungerer.
4. At ein tek bort vassforvaltingsarbeidet frå plan- og bygningslova er uheldig. Plan- og bygningslova er ein godt eigna, felles reiskap som balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn for samfunnet sitt samla behov. Planprosessane er demokratiske, og sikrar at alle påverka partar deltek aktivt både i planfase og oppfølging.

5. Forskriftsendringa er i konflikt med Stortinget sin intensjon om at regionreforma skal styrkje regionen si rolle som samfunnsutviklar. Det er uheldig at endringar i vassforvaltingsarbeidet vert foreslått før regjeringa sitt ekspertutval med frist til 1.2.2018, får gjort sine vurderingar av nye oppgåver til regionane.
6. Noko av grunngevinga for endring i vassforskrifta er at det i dei neste planperiodane berre skal føretakast mindre endringar av eksisterande planar. Erfaring frå rollen som vassregionmynde tilseier at det er eit relativt stort etterslep på både innhenting av kunnskap, overvaking og forankring av tiltak. Hordaland fylkeskommune er bekymra for at det no vert lagt opp til eit for lågt ambisjonsnivå når det kjem til å nå målet for våre vassressursar.
7. Det vil svekke arbeidet at det ikkje lenger skal være ein lovfesta samordningsarena regionalt (vassregionutval). Ved å fjerne denne, er det ein risiko for at vassforvaltingsarbeidet blir meir sektorisert og fragmentert, medan målet er heilskaplege og sektorovergripande planar.
8. Det er uheldig at plan- og bygningslova sin heimel om at statlege etatar og kommunane har rett og plikt til å delta i planlegginga fell bort. Det er uklart kva juridisk verknad ein plan heimla i naturmangfaldlova vil ha. Dette kan medføre risiko for at både kommunar og sektormynde i større grad vil distansere seg frå aktiv deltaking. Hordaland fylkeskommune er også bekymra for at mindre medverknad og eigarskap til vassforvaltingsplanane kan føre til at ein ikkje oppnår vassforskrifta sitt mål om god økologisk vasskvalitet.
9. Arbeidet i vassområda har etablert gode samarbeidsformer som er viktige å vidareføre. For å sikre lokal forankring må staten framleis gå inn med finansiering av vassområda si drift. Det er brukt mykje tid og ressursar på å byggje opp kunnskap og kompetanse lokalt. Dette er noko ein må ta vare på.
10. Hordaland fylkeskommune har teke på seg økonomiske forpliktingar i samband med oppfølging av arbeidet i vassområda og som vassregionmynde. Desse må det kompenseras for.
11. Dersom vassforskrifta skal endras må den innehalde ein overgangsperiode og ikkje tre i kraft før neste planperiode frå 1.1.2022. Den planlagde datoen 1.7.2018 er altfor kort tid. KLD skriver i sitt forventningsbrev til fylkeskommunane for 2018, datert 1.6.2017, at regjeringa er avhengig av at miljøpolitikken inngår i andre sektorar sine prioriteringar for å nå nasjonale mål, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Vidare skriv KLD at som ansvarleg for regional planlegging etter plan- og bygningslova, og den viktigaste utviklingsaktøren regionalt, har fylkeskommunen ein sentral rolle i å vege ulike interesser mot kvarandre innanfor ramma av den nasjonale arealpolitikken, der sikring av friluftsområde, heilskapleg vassforvaltning og det å ivareta vassdrags- og kystnatur er viktige element.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune vil påpeike at det er uheldig at denne endringa vert lagt fram før ekspertutvalet kjem med si innstilling.

Hordaland fylkeskommune er av den oppfatning at denne forskrifta må sjåast i samanheng med dei oppgåvene fylkeskommunane skal ha med tanke på ny regionreform.
2. Hordaland fylkeskommune støttar ikkje endringane i vassforskrifta om at det no vert lagt opp til statleg over styring og «avpolitiser» vassforvaltninga. Eksisterande organisering sikrar politisk forankring, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking.
3. Evalueringar av arbeidet med vassforvaltninga konkluderer med at fylkeskommunane har gjort ein god jobb til ein låg kostnad utifrå dei rammor og føringar frå departementet, som var lagt til grunn for arbeidet. Hordaland fylkeskommune ser ikkje nytten av å endra dette som fungerer.

4. At ein tek bort vassforvaltingsarbeidet frå plan- og bygningslova er uheldig. Plan- og bygningslova er ein godt eigna, felles reiskap som balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn for samfunnet sitt samla behov. Planprosessane er demokratiske, og sikrar at alle påverka partar deltek aktivt både i planfase og oppfølging.
5. Forskriftsendrainga er i konflikt med Stortinget sin intensjon om at regionreforma skal styrkje regionen si rolle som samfunnsutviklar. Det er uheldig at endringar i vassforvaltingsarbeidet vert foreslått før regjeringa sitt ekspertutval med frist til 1.2.2018, får gjort sine vurderingar av nye oppgåver til regionane.
6. Noko av grunngevinga for endring i vassforskrifta er at det i dei neste planperiodane berre skal føretakast mindre endringar av eksisterande planar. Erfaring frå rollen som vassregionmynde tilseier at det er eit relativt stort etterslep på både innhenting av kunnskap, overvaking og forankring av tiltak. Hordaland fylkeskommune er bekymra for at det no vert lagt opp til eit for lågt ambisjonsnivå når det kjem til å nå målet for våre vassressursar.
7. Det vil svekke arbeidet at det ikkje lenger skal være ein lovfesta samordningsarena regionalt (vassregionutval). Ved å fjerne denne, er det ein risiko for at vassforvaltingsarbeidet blir meir sektorisert og fragmentert, medan målet er heilskaplege og sektorovergripande planar.
8. Det er uheldig at plan- og bygningslova sin heimel om at statlege etatar og kommunane har rett og plikt til å delta i planlegginga fell bort. Det er uklart kva juridisk verknad ein plan heimla i naturmangfaldlova vil ha. Dette kan medføre risiko for at både kommunar og sektormynde i større grad vil distansere seg frå aktiv deltaking. Hordaland fylkeskommune er også bekymra for at mindre medverknad og eigarskap til vassforvaltingsplanane kan føre til at ein ikkje oppnår vassforskrifta sitt mål om god økologisk vasskvalitet.
9. Arbeidet i vassområda har etablert gode samarbeidsformer som er viktige å vidareføre. For å sikre lokal forankring må staten framleis gå inn med finansiering av vassområda si drift. Det er brukt mykje tid og ressursar på å byggje opp kunnskap og kompetanse lokalt. Dette er noko ein må ta vare på.
10. Hordaland fylkeskommune har teke på seg økonomiske forpliktingar i samband med oppfølging av arbeidet i vassområda og som vassregionmynde. Desse må det kompenseras for.
11. Dersom vassforskrifta skal endras må den innehalde ein overgangsperiode og ikkje tre i kraft før neste planperiode frå 1.1.2022. Den planlagde datoen 1.7.2018 er altfor kort tid. KLD skriver i sitt forventningsbrev til fylkeskommunane for 2018, datert 1.6.2017, at regjeringa er avhengig av at miljøpolitikken inngår i andre sektorar sine prioriteringar for å nå nasjonale mål, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Vidare skriv KLD at som ansvarleg for regional planlegging etter plan- og bygningslova, og den viktigaste utviklingsaktøren regionalt, har fylkeskommunen ein sentral rolle i å vege ulike interesser mot kvarandre innanfor ramma av den nasjonale arealpolitikken, der sikring av friluftsområde, heilskapleg vassforvaltning og det å ivareta vassdrags- og kystnatur er viktige element.